**Eidfjord** kommune

**Eidfjord kommune,**
**Kontrollutvalet**

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Eidfjord kommune, Kontrollutvalet |
| **Møtestad:** | Kommunehuset, Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 05.12.2024 |
| **Tid:** | 09:00 |

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Kjell Ove Tveit
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 8/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 9/24 | Godkjenning av protokoll frå møte 10.10.2024 | 2023/449 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 33/24 | Orientering frå rådmann, oppfølging av spørsmål frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024 | 2023/450 | |
| PS 34/24 | Orientering frå rådmann, spørsmål knytt til reinseanlegg Sysendalen og VA tilknyting. | 2023/450 | |
| PS 35/24 | Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune. | 2024/121 | |
| PS 36/24 | Prosjektplan forvaltningsrevisjon sjølvkost vatn og avlaup | 2024/142 | |
| PS 37/24 | Bestilling av prosjektplan eigarskapskontroll | 2024/63 | |
| PS 38/24 | Møteplan for kontrollutvalet 2025 | 2024/19 | |
| | Referat saker | | |
| RS 17/24 | NKRFs kontrollutvalskonferanse 2025. | 2023/450 | |
| RS 18/24 | Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren | 2023/463 | |
| RS 19/24 | Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland | 2023/450 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 39/24 | Eventuelt | 2023/450 | |

## GK 8/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/449-23
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 9/24 | 05.12.2024 |

# Godkjenning av protokoll frå møte 10.10.2024

### Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 10.10.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Møteprotokoll 101024

**Eidfjord** kommune

**Eidfjord kommune,**
**Kontrollutvalet**

# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Eidfjord kommune, Kontrollutvalet |
| **Møtestad:** | Kommunehuset i Eidfjord, Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 10.10.2024 |
| **Tid:** | 09:00 - 12:00 |

**Følgjande faste medlemer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Kjell Ove Tveit | Leiar | H |
| Trygve Solberg | Nestleiar | SV |
| Haldis Myrvang Rieber | Medlem | AP |
| Atle Myklatun | Medlem | H |
| Liv Myklatun | Medlem | SP |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Tommy Aarethun, Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Knut Ingar Myklatun, Økonomisjef
Eivind Gregersen, Kommunalsjef HR og organisasjon
Ayat AL – Gebenawy, Jurist Eidfjord kommune (Til PS 26/24)

Kjell Ove Tveit
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 7/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| | Politiske saker | | |
| PS 25/24 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.05.2024 | 2023/449 | |
| PS 26/24 | Orientering frå rådmann, oppfølging av forenkla etterlevingskontroll 2023 | 2023/485 | |
| PS 27/24 | Handlingsplan forvaltningsrevisjon psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær | 2022/305 | |
| PS 28/24 | Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune. | 2024/121 | |
| PS 29/24 | Vestlandsrevisjon presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2024 for Eidfjord kommune | 2023/485 | |
| PS 30/24 | Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll | 2024/64 | |
| PS 31/24 | Budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2025 | 2022/157 | |
| PS 32/24 | Eventuelt | 2023/450 | |
| | Referat saker | | |
| RS 14/24 | FKT - Medlemsinformasjon september 2024 - Invitasjon til webinar | 2023/450 | |
| RS 15/24 | Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene | 2023/450 | |
| RS 16/24 | Tilsyn Eidfjord | 2023/450 | |

## GK 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**Vedtak.**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## PS 25/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.05.2024

**Forslag til vedtak**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.05.2024 vert godkjent.

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 23.05.2024

**Vedtak:**

Protokoll frå møte 23.05.2024 vart godkjent.

## PS 26/24 Orientering frå rådmann, oppfølging av forenkla etterlevingskontroll 2023

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Økonomisjef Knut Ingar Myklatun og jurist Ayat AL – Gebenawy orienterte og svarte på spørsmål.

- Tilsett ansvarleg for innkjøp (jurist)
- Trong for innkjøpsreglement og innkjøpsrutine. Dette vert arbeida med.
- Sett i verk opplæring av einingsleiarar i høve innkjøp.
- Kjøpt innkjøpsverktøy.
- Målsetting om at innkjøpsrutinar skal vere på plass til politisk handsaming innen sommaren 2025

- Anskaffingsprotokollar - ulike einingar har til no hatt ulike løysingar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## PS 27/24 Handlingsplan forvaltningsrevisjon psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek handlingsplan for forvaltningsrevisjonsrapporten pr. 10.10.2024 til etterretning
2. Kontrollutvalet er nøgd med kommunen si oppfølging so langt, men ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbedringsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen til første møte i 2025.

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Kommunalsjef HR og organisasjon, Eivind Gregersen orienterte og svarte på spørsmål.

Handlingsplanen punkt 1, internkontroll og avvikshandtering:

- Omfattande arbeid. Skal i møte med Compilo i neste veke.
- Treng å knytte til seg ekstern ressurs.
- Dette arbeidet kjem til å ta tid.

Andre punkt i handlingsplanen er gjennomfør eller under arbeid. Mykje vert ferdigstilt innen utgangen av 2024.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek handlingsplan for forvaltningsrevisjonsrapporten pr. 10.10.2024 til etterretning
2. Kontrollutvalet er nøgd med kommunen si oppfølging so langt, men ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbedringsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen til første møte i 2025.

## PS 28/24 Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Vestlandsrevisjon IKS ved Tommy Aarethun orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

## PS 29/24 Vestlandsrevisjon presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2024 for Eidfjord kommune

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2024 vert klar til handsaming i første møte i kontrollutvalet 2025 med frist for levering til sekretariatet 3 veker før.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i møte mai/juni 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Vestlandsrevisjon IKS ved Tommy Aarethun orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2024 vert klar til handsaming i første møte i kontrollutvalet 2025 med frist for levering til sekretariatet 3 veker før.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i møte mai/juni 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

## PS 30/24 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan........
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 14.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 05.12.2024.

### Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

### Behandling i møte

Kommunestyret har vedteke plan for forvaltningsrevisjon etter innstilling frå kontrollutvalet.
Prosjekt 1: Sjølvkost - VA

I møtet kom det fram slike moment/stikkord til føremål og problemstillingar.

- Vedtekne investeringar
- Påbegynte investeringar - teke høgde for nye direktiv?
- Trong for investeringar i høve nytt regelverk (EUs vassdirektiv, avløpsdirektiv)
- Generasjonsprinsipp i høve investeringar (hytter i fjellet?)
- Risiko for monaleg auke i sjølvkost i området?
- Risiko for å ta investeringar / få husstandar
- Revisjonen kontakte drift og forvaltning for oppdatering av investeringar i VA

Utvalet viste og til dokumentet "Undersøkelse av EK investerings prosjekt - Nytt Reinseanlegg i Sysendalen" som vart sendt frå utvalsleiar i forkant av møtet. Revisor har og fått dette dokumentet som del av grunnlag for bestilling.

I tillegg ønskjer kontrollutvalet at det vert lagt fram sak om bestilling av prosjektplan for eigarskapskontroll i møtet i desember.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

### Vedtak

## PS 31/24 Budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2025

### Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2025 inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2025 for Eidfjord kommune og fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

**Saksprotokoll 10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Sekretariatet orienterte og svarte på spørsmål.

Vestlandsrevisjon IKS har varsla prisauke på 6 % Dette vert endeleg vedteke på representantskapet i desember.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2025 inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2025 for Eidfjord kommune og fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

## PS 32/24 Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

**Saksprotokoll  10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Ingen saker meldt.

**Vedtak:**

Ingen saker meldt.

## RS 14/24 FKT - Medlemsinformasjon september 2024 - Invitasjon til webinar

**Saksprotokoll  10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.

## RS 15/24 Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

**Saksprotokoll  10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.

## RS 16/24 Tilsyn Eidfjord

**Saksprotokoll  10.10.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/450-33
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 33/24 | 05.12.2024 |

# Orientering frå rådmann, oppfølging av spørsmål frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024

## Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

## Samandrag

Dette er oppfølging av to spørsmål frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024, PS 24/24

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024 PS 24/24 vart det stilt spørsmål om brannvarsling kommunehuset og ventilasjonsanlegg kommunehuset.

Av protokollen frå møte kan ein lese dette:

b) Brannvarslingsanlegg på kommunehuset. Når kjem dette på plass.
- Rådmann svarte at dette skal kome på plass i 2024.

c) Ventilasjonsanlegg på kommunehuset. Er det plan for dette? - Rådmann svarte at dette vert tema for økonomiplan 2025

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

## Vurderingar og verknader

Sekretariatet har sendt over spørsmåla til rådmann på nytt og invitert han til å orientere om status for desse spørsmåla i møte 5. desember. Invitasjon vart sendt 15.11.24

## Konklusjon

Sekretariatet rår til å ta informasjonen til orientering.

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/450-34
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 34/24 | 05.12.2024 |

# Orientering frå rådmann, spørsmål knytt til reinseanlegg Sysendalen og VA tilknyting.

### Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

### Samandrag

Utvalsleiar har sendt inn spørsmål til rådmannen i høve møtet 05.12.24

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Sekretariatet har motteke slike spørsmål frå utvalsleiar i høve møtet i kontrollutvalet 05.12.24

1. Stopp i tilknyting av VA i Sysendalen – årsak &  virkning for aktivitet i Eidfjord / Sysendalen?
2. Prosjekt status og framdrifts plan gjennomgang -  Nytt Reinseanlegg i Sysendalen

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon,
jf. kommunelova § 23-2.

## Vurderingar og verknader

Spørsmåla er sendt rådmann 20.11.2024 og det er spurt om han har høve til å orientere utvalet i møtet 05.12.24

## Konklusjon

Informasjonen vert teken til orientering.

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2024/121-5
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 35/24 | 05.12.2024 |

# Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune.

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Tommy Aarethun vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

### Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune. Vedlagte uavhengighetserklæring ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Uavhengigheitserklæring til KU -forvaltning-Eidfjord 2024-taa

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

### Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:
*«Kontrollutvalget skal påse at*

*a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

*«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»*

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

*«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.*
*En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»*

Forvaltningsrevisor hjå Vestlandsrevisjon IKS, Tommy Aarethun har no sendt over slik eigenvurderinga dagsett 14.11.2024 Denne ligg ved saka.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ein tryggande revisjon. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til dette.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i veien for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Vestlandsrevisjon IKS sin uavhengighet i høve Eidfjord kommune.
Revisor har heller ikkje hatt oppdrag for Eidfjord kommune ut over bestilling frå kontrollutvalet som svekkar uavhengigheten, dette er stadfesta i epost til sekretariatet 26.09.2024

### Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

Til Kontrollutvalet i Eidfjord

Kopi:
Kommunestyret
Kommunedirektøren

## Stadfesting av forvaltningsrevisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

## Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

| Forskriftskrav | Eigenvurdering |
|---|---|
| 1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 | § 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet. |
| 2. Revisor si tilknyting til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17 | § 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknyting til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærståande har slik tilknyting. |
| 3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18 | § 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen |
| | § 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller |

| | |
|---|---|
| | fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap |
| | § 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap. |
| | § 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren |
| | § 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet |
| | § 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine eigne leiings- og kontrolloppgåver |
| | § 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218. |

Voss, 14. november 2024

Tommy Aarethun
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2024/142-2
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
| --- | --- | --- |
| **Eidfjord kommune, Kontrollutvalet** | **36/24** | **05.12.2024** |

# Prosjektplan forvaltningsrevisjon sjølvkost vatn og avlaup

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan sjølvkost vatn og avlaup i Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 20.01.25 Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan inkludert presentasjon i kommunestyret.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Vestlandsrevisjon IKS si side innan 20.08.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### Samandrag

Føremålet med denne saka ar at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagt forslag til prosjektplan frå Vestlandsrevisjon, på kva forvaltningsrevisjonen innan sjølvkost vatn og avlaup bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Prosjektplan Eidfjord VA

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i møte 10.10.2024, PS 30/24:

1.Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan "Sjølvkost - VA
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 14.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 05.12.2024.

I møtet kom det fram slike moment/stikkord til føremål og problemstillingar.

- Vedtekne investeringar
- Påbegynte investeringar
- teke høgde for nye direktiv?
- Trong for investeringar i høve nytt regelverk (EUs vassdirektiv, avløpsdirektiv)
- Generasjonsprinsipp i høve investeringar (hytter i fjellet?)
- Risiko for monaleg auke i sjølvkost i området?
- Risiko for å ta investeringar / få husstandar
- Revisjonen kontakte drift og forvaltning for oppdatering av investeringar i VA

Utvalet viste og til dokumentet "Undersøkelse av EK investerings prosjekt - Nytt Reinseanlegg i Sysendalen" som vart sendt frå utvalsleiar i forkant av møtet. Revisor har og fått dette dokumentet som del av grunnlag for bestilling.

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

## Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Vestlandsrevisjon levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

**Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke sjølvkostområdet vatn og avlaup i Eidfjord kommune. Hovudfokus i prosjektet vil vera investeringar, generasjonsprinsippet, konsekvensar for sjølvkost.

**Med bakgrunn i føremålet, er det formulert følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:**

1. *Kva økonomiske konsekvensar vil pågåande investeringar, og planlagde prosjekt få for sjølvkostområdet vatn og avlaup i Eidfjord kommune?*

2. *Er dimensjonering og konseptval for pågåande investeringsprosjekt innan vatn og avlaup i tråd med reelle behov og framtidige krav (til dømes EU sitt nye direktiv)?*

Som ein del av arbeidet med å belyse desse problemstillingane vil revisjonen blant anna sjå på:

- Sjølvkost, sjølvkostgrad og sjølvkostområde.
- Generasjonsprinsippet.
- Dimensjonering av VA-prosjekt – konseptval, behov, krav, pålegg
- Prosjektstyring innan VA – Konseptval, prosjektering, kontraktar og kostnadskontroll i prosjekt.
Og - Erfaringsoverføring frå andre prosjekt.

**Metode.**

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det verta gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. På oppstartsmøtet vil det bli gjort greie for bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.

Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. Det vil bli gjennomført dokumentanalyse og intervju. Alle intervju vil bli verifiserte. Vidare er det i dette prosjektet, gitt tematikken, naturleg å sjå situasjonen i Eidfjord opp mot situasjonen i liknande kommunar. Innsamla data vil bli vurdert og analysert for å svare på etablerte revisjonskriterium og problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

**Gjennomføring**

**Revisor skriv slik:**

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Vestlandsrevisjon IKS er Tommy Aarethun. Prosjektet er estimert til ca. 300 timar, og revisor føreslår oppstart i 2025 med mål om politisk handsaming i kontrollutvalet og kommunestyret i løpet av hausten 2026.

Revisor meiner prosjektet sin karakter, samanhalde med Eidfjord kommune sine timetal til forvaltningsrevisjon gjer dette til den beste løysinga totalt. I følgje administrasjonen i Eidfjord kommune vil mykje aktivitet og avgjersler i prosjektet, som revisjonen ser på som viktig for prosjektet skje hausten 2025 og våren 2026. Undervegs i prosjektet vil oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor orientere om framdrift, og avklare eventuell endringar.

I epost til sekretariatet skriv og revisor slik:

Etter at eg har hatt dialog med administrasjonen i Eidfjord om framdrift for prosjektet i Sysendalen føreslår eg at prosjektet bør gå over to år (2025-2026), for at ein skal få mest mogleg ut av det. Mykje i dette prosjektet vil skje i denne perioden, og gitt revisjonsprosjektet sin karakter er dette mi anbefaling.

I prosjektplanen (Under delen som heiter gjennomføring) føreslår eg difor ein modell der ein nyttar 300 timar til dette prosjektet fordelt over 2025/2026 (då vert det eit forvaltningsrevisjonsprosjekt i nedre sjikt kva gjeld timetal – desse er ofte mellom 300-400 timar).

Sidan Eidfjord har 200 timar i året i følgje avtalen vil eg i ein slik modell då føreslå at ein parallelt tek ein eigarskapskontroll (som du la opp til å ha på sakskartet i neste møte) på 100 timar (som også vil vera eit prosjekt i nedre sjikt kva gjeld timetal då desse ofte er 150-200 timar).

Altså at totalen vert to prosjekt i 25/26

- Forvaltningsrevisjon 300 timar
- Eigarskapskontroll 100 timar

Alternativt kan ein jo fyrst køyre forvaltningsrevisjon i 2025 og 2026 (400 timar) og eigarskapskontroll i 2027 (200 timar).

**Konklusjon**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

Revisor har føreslått løysing til gjennomføring av prosjektet og det er naturleg at dette vert diskutert i kontrollutvalet.

# PROSJEKTPLAN

## Forvaltningsrevisjon – Sjølvkost innan vatn og avlaup

14.11.24

Eidfjord kommune

**Avdeling Knarvik**
Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø
Telefon 99 72 61 68

**Avdeling Voss**
Miltzowsgate 2, 5700 Voss
Telefon 98 64 45 70

Føretaksregisteret
NO 925 841 153 MVA

www.vestlandsrevisjon.no
post@vestlandsrevisjon.no

## Bakgrunn

Framlegg til prosjektplan er utarbeidd med grunnlag i bestilling frå kontrollutvalet i Eidfjord kommune i sak 30-24 der det vart fatta følgjande vedtak:

> *VEDTAK*
> *1.Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan "Sjølvkost - VA*
>
> *2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
>
> *3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 14.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 05.12.2024.*

Vedtaket i kontrollutvalet og prosjektplanen byggjer på «Plan for forvaltningsrevisjon» som vart vedteke i kommunestyret i Eidfjord i sak 110/24 i samsvar med krava i Lov om kommuner og fylkeskommune (Kommunelova) [1] § 23-3.

## Om forvaltningsrevisjon

Definisjonen av forvaltningsrevisjon følgjer av Kommunelova § 23-3 første ledd.

> ***§ 23-3.Forvaltningsrevisjon***
>
> *Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

Etter kommuneloven § 23-2 første ledd bokstav c skal kontrollutvalet sjå til at

> *«det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser»*

Revisor skal etter kommuneloven § 24-2 gjennomføre forvaltningsrevisjon bestemt i lov eller i medhald av lov.

---

[1] Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83

## Føremål, problemstillingar, og revisjonskriterier

### Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke sjølvkostområdet vatn og avlaup i Eidfjord kommune. Hovudfokus i prosjektet vil vera investeringar, generasjonsprinsippet, konsekvensar for sjølvkost.

Norske kommunar står ovanfor store utfordringar innanfor forvaltningsområdet vatn og avlaup i åra som kjem. Komande krav frå EU, i form av nytt avlaupsdirektiv som nyleg er godkjent i EU, er venta å få store konsekvensar for norske kommunar. Sidan vatn og avlaup er eit sjølvkostområde vil også endringane og investeringane framover truleg få store konsekvensar for  hus- og hytteeigarar. Området har difor stor allmenn interesse.

Riktig planlegging og dimensjonering av prosjekt innan sjølvkostområdet vil vera avgjerande viktig i møte med det store investeringsbehovet ein står ovanfor framover.

Dette prosjektet har eit overordna blikk på sjølvkostområdet vatn og avlaup i Eidfjord kommune, men vil i tillegg sjå særskilt på det pågåande prosjektet Sysendalen reinseanlegg.

### Problemstillingar

1. *Kva økonomiske konsekvensar vil pågåande investeringar, og planlagde prosjekt få for sjølvkostområdet vatn og avlaup i Eidfjord kommune?*

2. *Er dimensjonering og konseptval for pågåande investeringsprosjekt innan vatn og avlaup i tråd med reelle behov og framtidige krav (til dømes EU sitt nye direktiv)?*

Som ein del av arbeidet med å belyse desse problemstillingane vil revisjonen blant anna sjå på:

- Sjølvkost, sjølvkostgrad og sjølvkostområde.
- Generasjonsprinsippet.
- Dimensjonering av VA-prosjekt – konseptval, behov, krav, pålegg.
- Prosjektstyring innan VA – Konseptval, prosjektering, kontraktar og kostnadskontroll i prosjekt.
- Erfaringsoverføring frå andre prosjekt.

### Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav, normer og/eller standardar som kommunen skal vurderast opp mot. Kriteria skal vere basert på autoritative eller anerkjente kjelder innanfor det reviderte området og skal vere relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som kan stillast til kommunen.

Relevante kjelder for revisjonskriterium i samband med forvaltningsrevisjonen «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» kan vere:

- Kommunelova

- Sjølvkostforskrifta[2]
- Lov om kommunale vass- og avløpsannlegg[3]
- Forurensingsforskriften[4]
- Veileder til selvkostforskriften[5]
- Kommunale dokument og vedtak, med tilhøyrande grunnlagsdokument.
- Nasjonale, regionale og lokale pålegg og vedtak.
- Litteratur kring sjølvkost.
- Litteratur kring prosjektstyring og investeringar.

## Tilnærming og gjennomføring

### Metode

Etter kommunelova § 24-2 andre ledd skal revisor *«planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk»*.

Vestlandsrevisjon IKS arbeider i tråd med «RSK 001 standard for forvaltningsrevisjon» [6] vedteken av Norges Kommunerevisorsforbund (NKRF) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Dette er ein standard som definerer god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjon innanfor rammene av kommunelova, og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Standarden byggjer vidare på internasjonale prinsipp og standardar fastsett av INTOSAI og IIA.

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det verta gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. På oppstartsmøtet vil det bli gjort greie for bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.

Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. Det vil bli gjennomført dokumentanalyse og intervju. Alle intervju vil bli verifiserte. Vidare er det i dette prosjektet, gitt tematikken, naturleg å sjå situasjonen i Eidfjord opp mot situasjonen i liknande kommunar. Innsamla data vil bli vurdert og analysert for å svare på etablerte revisjonskriterium og problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

### Gjennomføring

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Vestlandsrevisjon IKS er Tommy Aarethun. Prosjektet er estimert til ca. 300 timar, og revisor føreslår oppstart i 2025 med mål om politisk handsaming i kontrollutvalet og kommunestyret i løpet av hausten 2026.

Revisor meiner prosjektet sin karakter, samanhalde med Eidfjord kommune sine timetal til

---

[2] Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften) https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-11-1731

[3] Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-03-16-12

[4] Forurensingsforskriften https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931

[5] Veileder til selvkostforskriften, revidert 02/24 https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-til-selvkostforskriften/id2786751/

[6] RSK 001 – Standard for forvaltningsrevisjon, revidert 08/20 https://www.nkrf.no/filarkiv/File/Publikasjoner/RSK_RevisjonsStandard_Kommune/RSK_001_Standard_for_forvaltningsrevisjon_200812.pdf

forvaltningsrevisjon gjer dette til den beste løysinga totalt. I følgje administrasjonen i Eidfjord kommune vil mykje aktivitet og avgjersler i prosjektet, som revisjonen ser på som viktig for prosjektet skje hausten 2025 og våren 2026.

Undervegs i prosjektet vil oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor orientere om framdrift, og avklare eventuell endringar.

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2024/63-7
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 37/24 | 05.12.2024 |

# Bestilling av prosjektplan eigarskapskontroll

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført eigarskapskontroll av Hardangervidda Natursenter AS
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i første møte 2025.

### Samandrag

Kommunestyret har vedteke plan for eigarskapskontroll for ny planperiode og kontrollutvalet skal i dette møte bestille nytt prosjekt etter ny plan.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - Eidfjord kommune-innstilling
2 ROV - Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - Eidfjord kommune

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Kommunestyret handsama plan for eigarskapskontroll i møte 09.09.2024 (PS 24/109). Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke av kommunestyret.

Dette er dei prioriterte prosjekta i planen.

| | |
|---|---|
| 1 | Norsk Natursenter AS |
| 2 | Energiselskapet Hardanger AS |

I kontrollutvalet sitt møte 10.10.2024 vart dette protokollert i handsaming i møte av PS 30/24:

«I tillegg ønskjer kontrollutvalet at det vert lagt fram sak om bestilling av prosjektplan for eigarskapskontroll i møtet i desember.»

## Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23–3 og 23–4

## Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet skal i dette møte bestille nytt prosjekt etter ny plan for eigarskapskontroll. Plan for eigarskapskontroll er vedlagt saka.

Vedlagt saka er og ROV-dokumenta som er sjølve analysedokumenta gjeldande planarbeidet.

Ettersom planverket nyleg er vedteke av kommunestyret, er det no naturleg å sjå på dei høgast prioriterte prosjekta, sjølv om kontrollutvalet har fullmakt til å velgje andre prosjekt, td. ut frå aktualitet.

Når kontrollutvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestille, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på. Ein del aktuelle moment er omtalt i vedlagte plan og i risikovurderingane som låg til grunn for planverket.

Det vil vere naturleg å be revisor utarbeide ein prosjektplan ut frå dei signal som vert gjeve av kontrollutvalet i dette møte.

Revisor skriv slik om Hardangervidda natursenter i planforslaget:

*«Norsk Natursenter AS (Hardangervidda natursenter) er eit heileigd selskap som Eidfjord kommune har investert store midlar i gjennom fleire periodar, mellom anna til fornying av utstillingane. Selskapet har også ein viktig funksjon som ein turistattraksjon i kommunen. Det vart gjennomført ein selskapskontroll av Hardangervidda natursenter i 2011. På prosessmøte var det brei einigheit om at selskapet var moden for ein ny eigarskapskontroll i inneverande periode.»*

## Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i dette møtet, samt drøfting knytt  til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. Prosjektplanen vert å leverer sekretariatet innan 20.01.2025, slik at utvalet får handsama planen i første møte i 2025.



Eidfjord kommune

# Plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Oppdrag for kontrollutvalet

# Forord

Eigarskapskontroll er systematiske vurderingar av kommunen sine selskap og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Eidfjord kommune har Vestlandsrevisjon IKS fått i oppdrag å gjennomføra risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og utarbeida plan for eigarskapskontroll.

Arbeidet er utført av Tommy Aarethun og Arne Gilbakken som er tilsette i Vestlandsrevisjon IKS. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Risiko- og vesentlegvurderinga ligg som vedlegg til denne planen.

Voss, 22.03.2024

Arne Gilbakken
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet skal sørgje for at det vert utarbeidd ein plan og utført eigarskapskontroll i kommunen. Dette kjem fram av lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 23-4 og § 24-2[1]. Kva eigarskapskontrollar kommunen ynskjer å gjennomføra skal koma fram i ein plan for eigarskapskontroll.

**Om plan for eigarskapskontroll og risiko- og vesentlegvurdering**
I kommunelova §23-4 står det:

> Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.
>
> Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.
>
> Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Føremålet med den overordna risiko- og vesentlegvurderinga er å få fram relevant informasjon om selskapa som kommunen har eigarinteresser i. Risiko- og vesentlegvurderinga skal mellom anna få fram eventuelle sårbare område knytt til styring og drift av verksemda sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak med vidare.

Analysen skal danna grunnlaget for kontrollutvalet til å prioritera selskap og område i plan for kommunen sin eigarskapskontroll.

Det har m.a. vore utført:
- dokumentanalyse,
- prosessmøte,
- drøfting med kontrollutvalet,
- vurdering av ibuande risiko og risiko knytt til tenesteproduksjon og eigarstyring m.m..

Data som har vorte samla inn har gitt ei oversikt over status for dei mest sentrale verksemdene til Eidfjord kommune.

Når det gjeld resultata av undersøkinga viser me til vedlagde analyse.

---

[1] Lov om kommuner og fylkeskommuner
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83

# 2. Plan for Eigarskapskontroll 2024-2028

Kontrollutvalet har drøfta forslag til prioriteringar for plan for eigarskapskontroll i sak PS X/24
På prosessmøte vart det opplyst at Destinasjon Eidfjord AS var under avvikling og såleis er uaktuell for eigarskapskontroll i denne perioden. Vidare er det stor usikkerheit om framtida til Sysendalen skisenter AS si framtid. Før kommunen har avgjort dette spørsmålet er verksemda lite aktuell for ein eigarskapskontroll.

Når det gjeld Hardangerviddatunnelene AS så har Nore og Uvdal kommune signalisert mindre fokus på dette tiltaket vart det opplyst på prosessmøte. Det kan difor vera ei viss usikkerheit knytt til aktiviteten etter at ny NTP blir vedteken. Dette gjer også det usikkert om ein eigarskapskontroll er hensiktsmessig no. Uansett vil det vera ein fordel om fleire av eigarkommunane går saman om ei felles kontrollhandling om denne verksemda vert prioritert.

Norsk Natursenter AS (Hardangervidda natursenter) er eit heileigd selskap som Eidfjord kommune har investert store midlar i gjennom fleire periodar, mellom anna til fornying av utstillingane. Selskapet har også ein viktig funksjon som ein turistattraksjon i kommunen. Det vart gjennomført ein selskapskontroll av Hardangervidda natursenter i 2011. På prosessmøte var det brei einigheit om at selskapet var moden for ein ny eigarskapskontroll i inneverande periode.

Kommuneleiinga gjennomførte saman med Ulvik herad eit utredningsarbeid kring ei mogleg samanslåing av Energiselskapet Hardanger AS og Odda Energi AS etter etableringa av Ullensvang kommune i 2020. Konklusjonen vart at ein framleis ville behalda kraftselskapet i same eigarform som før kommunesamanslåinga i Ullensvang. Selskapet er i dag organisert som eit konsern gjennom energiselskapet Hardanger AS med fleire dotterselskap. Energiselskapet Hardanger er ei verksemd med mange arbeidsplassar som skal mellom anna syta for ei trygg kraftforsyning til innbyggarane og næringslivet, oppretthalda god beredskap og levera utbytte til eigarkommunane.

Her kan det vera ulike interesser mellom eigarane ut frå kommunen sin økonomiske stilling. Samstundes er det signalisert at selskapet står framfor store investeringar som kan ha tyding for økonomien i selskapet framover. Dette gjer at Energiselskapet også kan vera ein kandidat for eigarskapskontroll, gjerne saman med kommunane Ulvik og Ullensvang. Om ein eigarskapskontroll vert eit tema i dei andre eigarkommunane kan det vera hensiktsmessig at Eidfjord også har dette med i sin plan for eigarskapskontroll.

Desse selskapa vert sett på som mest aktuelle for eigarskapskontroll:

| | |
|---|---|
| 1 | Norsk Natursenter AS |
| 2 | Energiselskapet Hardanger AS |

Endeleg utforming av problemstillingar vil verta gjort i samband med tinging av eigarskapskontroll. Deltakarane på prosessmøtet drøfta ikkje behovet for noko forvaltningsrevisjon knytt til eigarskapskontrollar i denne omgangen.

# 3. Gjennomføring og rapportering

For å kunne gjennomføre ein vellykka eigarskapskontroll, er det viktig at kontrollutvalet definerer eit klart føremål med kontrollen og utarbeidar konkrete problemstillingar som revisor skal undersøkja. Dette bør skje i samband med tinging av dei einskilde prosjekta.

I forskrift om kontrollutval og revisjon[2] står det i §4 og §5 fylgjande om kontrollutvalet si oppgåve:

> **§4 Kontrollutvalgets rapportering om forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller**
> Kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem.
>
> **§5 Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller**
> Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.

# 4. Vedlegg

Risiko- og vesentlegvurdering til plan for eigarskapskontroll 2024-2028

[2] Forskrift om kontrollutval og revisjon
https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904/



Eidfjord kommune

# Risiko- og vesentlegvurdering til plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Oppdrag for kontrollutvalet

# Innhald

Innhald ........ 2
1. Innleiing ........ 3
2. Om eigarskapskontroll ........ 4
3. Risiko- og vesentlegvurdering og plan for eigarskapskontroll ........ 6
4. Metode ........ 7
5. Eigarskapsforvaltning ........ 7
6. Oversikt over selskap ........ 9
7. Gjennomførte eigarskapskontrollar i Eidfjord kommune ........ 29
8. Aktuelle eigarskapskontrollar nemnt i prosessmøte ........ 30
9. Forslag til prosjekt ........ 31

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagd etter kommunelova §23-4 å utarbeide ein plan for eigarskapskontroll for å føre kontroll med eigarinteressene sine. Dette dokumentet er analysegrunnlaget for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for eigarskapskontroll for 2024-2028.

For at planen skal vise dei viktigaste områda der det er behov for eigarskapskontroll, har revisjonen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av selskap som kommunen har eigarinteresser i. Analysen er av overordna karakter, og er i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom dokumentanalyse, prosessmøte, intervju/oppfølgingsspørsmål der me meinte det var nødvendig. Informasjonen er brukt som ein indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkast i ein eigarskapskontroll dersom kontrollutvalet og kommunestyret ynskjer dette basert på ein samla risiko- og vesentlegvurdering. På grunn av at all informasjon i analysen ikkje er verifisert, bør den ikkje brukast til andre formål enn som eit grunnlag for val og prioritering av eigarskapskontrollar.

**Lesarrettleiing**

Innspela som me har samla inn i samband med risiko- og vesentlegvurderinga er systematisert i dette dokumentet. Dokumentet utgjer eit grunnlag for kontrollutvalet til å velja ut og prioritera eigarskaps-kontrollprosjekt. Analysedokumentet består av følgjande delar:

| | |
|---|---|
| Kapittel 1 – 4: | I denne delen skildrar me arbeidet med å utarbeida risiko- og vesentlegvurdering. |
| Kapittel 5 og 6: | Her presenterer me den overordna eigarskapsforvaltninga til kommunen og dei einskilde selskapa som kommunen eig/har eigardelar i. |
| Kapittel 7 – 9: | Desse kapitla inneheld ei oversikt over gjennomførte eigarskapskontrollar, aktuelle eigarskapskontrollar som vart nemnt i prosessmøte og forslag til moglege eigarskapskontrollar i uprioritert rekkefølge basert på dei risikoane som er identifisert.<br><br>Utval og prioritering av eigarskapskontrollar vil gå fram av plan for eigarskaps-kontroll 2024-2027 som kontrollutvalet vedtek/innstiller. Innstillinga vert lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak. |

# 2. Om eigarskapskontroll

**Kva er eigarskapskontroll?**

Stadig større delar av den kommunale forvaltninga blir organisert utanfor den ordinære kommunale forvaltninga. Kommunen er pålagd å føre kontroll med sine eigarinteresser, jf. kommunelova § 23-2:

> Kontrollutvalget skal påse at … d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

Lova forklarar i § 23-4 1. ledd kva eigarskapskontroll er:

> Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

*Veileder i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll* (NKRF 2023)[1] inneheld døme på moglege tema for eigarskapskontroll:

- *Eigarskapsmelding, folkevaldopplæring om eigarskap, rolleforståing, evaluering av eigarskapsmelding og eigarstrategiar*

- *Samordning med andre eigarar av føringar for selskapa*

- *Representasjon og fullmakter i eigarorgan – val av representantar, delegasjon og fullmakter*

- *Demokratiomsyn: offentlegheit, saksutgreiing, politisk handsaming av eigarsaker, rapportering til politisk nivå om eigarsaker, kommunedirektøren si rolle*

- *Gjennomføring av møter i eigarorgan – innkalling, gjennomføring/sakshandsaming og protokollføring*

- *Styrevalprosessar og styresamansetnad – valkomite, retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, skriftlegheit, styreevalueringar, styresamansetnad – kjønnsbalanse og kompetanse, godtgjering og varaordning*

- *Samfunnsansvar i kommunen si eigarstyring*

- *Avkastning og utbyttepolitikk*

- *Anbefalingar frå tidlegare kontrollar*

[1] Veileder i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll 2023
https://www.nkrf.no/publikasjoner-veileder-i-forvaltningsrevisjon-og-eierskapskontroll

**Kven kan utføre eigarskapskontroll?**

Det er revisor som skal utføre eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 24-2.

**Kva selskap og dokument kan kontrollutvalet kontrollera?**

Innsynsretten til kontrollutvalet følgjer av kommunelova § 23-6:

> Kontrollutvalget kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra
>
> a) interkommunale selskaper etter IKS-loven
> b) interkommunale politiske råd
> c) kommunale oppgavefellesskap
> d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer. …
>
> Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.[2]

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, foreiningar, stiftingar og lag er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll.

---

[2] Ifølge NOU 2016:4 Ny kommunelov gjeld dette leddet ein ny utvida lovfesta innsynsrett som ligg til kontrollutvalet og kommunen sin revisor. NOU'en påpeikar at

> …selv om kontrollbehovet i hovedsak vil kunne dekkes gjennom kontrakt, mener utvalget at det er nødvendig å utvide den lovfestede innsynsretten på enkelte punkter. Dette er tenkt som en sikkerhetsventil, til bruk der innsynsretten i henhold til kontrakten viser seg å ikke være tilstrekkelig til å sikre kommunens kontrollbehov.

Utvalet nemner døme på eksterne verksemd som utfører oppgåver på vegne av kommunen innan barnevern, barnehage, helse og omsorg, oppvekst.

# 3. Risiko- og vesentlegvurdering og plan for eigarskapskontroll

Av kommunelova § 23-4 går det fram at

> … Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.
>
> Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Risiko- og vesentlegvurdering er altså ein prosess som kontrollutvalet skal initiera og nytta som eit verktøy for å velja ut relevante selskap og område for eigarskapskontroll. Det vil vera viktig å vurdera selskap ut frå kor vesentleg dei er for kommunen. To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet,
- fokus på økonomiske interesser for kommunen.

Revisjonen har utleia følgjande kriterium for vesentlegvurderinga, som kan vera til hjelp når ein skal prioritere kva selskap som kan vera gjenstand for kontroll:

- selskap der det er avdekka mulige risikoforhold,
- selskap med berre offentleg eigarskap,
- selskap som har eit samfunnsansvar,
- selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar,
- selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen,
- selskap som er heileigd av kommunen,
- selskap der kommunen har omfattande eigarinteresse i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
- økonomisk gevinst/tapspotensialet for kommunen,
- etikk og omdømme.

Når me har vurdert vesentlegheit for kvart enkelt selskap, går me over til å vurdere risiko/indikasjonar på risiko, t.d.

- negativ økonomisk utvikling (eigenkapital, likviditet, avkastning),
- negativ mediemerksemd,
- større endringar (organisasjon, skifte i leiinga, målsettingar, marknad),
- komplisert/uklar organisering,
- rollekonfliktar (t.d. sentrale politikarar i styre),
- svak eigarstyring,
- manglande etiske retningsliner og antikorrupsjonsarbeid,
- urealistiske eller uklare mål,
- politisk kritikk,

- etterleving av regelverket,
- gjennomføring av kommunen sine vedtak,
- at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

# 4. Metode

Me har brukt følgjande metodar for å samla inn data og kartleggja risikoforhold knytt til relevante selskap og område for eigarskapskontroll:

- **Prosessmøte med risikodrøfting og vesentlegvurdering**
  Innleiingsvis i prosessen har revisjonen hatt eit felles møte med administrasjon, politiske leiarar, kontrollutval og sekretariat. Her diskuterte me mellom anna kommunen si eigarskapsforvaltning. Innspel frå dette prosessmøtet er teken inn som ein del av datagrunnlaget for risiko- og vesentleg-vurderinga og plan for eigarskapskontroll.

- **Dokumentanalyse:**
  - Eigarskapsmelding 2020,
  - Eigarskapskontroll 2018,
  - diverse selskapskontrollar,
  - nøkkelinformasjon for selskap som kommunen eig/har eigardelar i.

Kontrollutvalet vil drøfte utkast til plan for eigarskapskontroll i eige prosessmøte og gir si innstilling til kommunestyret.

# 5. Eigarskapsforvaltning

## 5.1 Krav og anbefalingar om eigarstyring

Kommunalt eigde selskap forvaltar betydelege verdiar på vegner av norske kommunar. Avkastinga frå mange av desse selskapa er av stor tyding for den samla økonomien i kommunane. For å forvalta dei store verdiane som kommunen rår over på ein best mogleg måte, er det viktig å etablera ein overordna strategi for den totale eigarskapporteføljen til kommunen sett i samanheng med den totale teneste-produksjonen til kommunen, også kalla for «konsernkommunen». (Resch-Knudsen, 2011, 92[3])

Gjeldande kommunelov, som trådde i kraft 01.01.2020, set i § 26-1 (om eigarskapsstyring) krav til at kommunane utarbeider eigarskapsmelding:

[3] Resch-Knudsen, V. (2011) *Kommunalt eierskap - Roller, styring og strategi*. Kommuneforlaget.

> Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.
>
> Eierskapsmeldingen skal inneholde
> a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
> b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
> c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.

NOU 2016:4 *Ny kommunelov* understrekar at det kan vera aktuelt å ta meir inn i eigarskapsmeldinga. Den viser til KS sine anbefalingar i heftet Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll frå 2015. Ifølge KS bør eigarskapsmeldingar også omfatta:

- juridisk styringsgrunnlag,
- selskapsstrategi, medrekna styringsdokument,
- samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv.

## 5.2 Eidfjord sin eigarstrategi

Eidfjord kommune vedtok i 2020, i sak 20/071, ein ny eigarskapsmelding. Meldinga erstatta kommunen sin eigarstrategi vedteken i kommunestyret 16. juni 2008 og revidert i 2012.

Innleiingsvis i strateigen slår ein fast:
*«Meldinga skal, på prinsippielt og strategisk nivå, legge grunnlaget for kommunen sin eigarskapspolitikk. Den skal gje eit konkret budskap om kva forventingar kommunen som eigar har til selskap den er eigar av eller er medeigar i. Selskapa sine hovudmålsetjingar skal vere fastsett i selskapa sine vedtekter og gjort nærare greie for i eventuelle strategidokument som styra i selskapa har fått utarbeidd. Det er ei viktig målsetjing for denne eigarskapsmeldinga at kommunen får forklart sine overordna forventningar til selskapa slik at dokumentet kan lette styra sitt langsiktige arbeid og forvaltning av selskapa.»* [4]

Vidare er eigarskapsmeldinga frå bygd opp slik:

1. Innleiing
2. Oversyn over aksjar og andelar
3. Kommunen sitt føremål med eigarskapet som eit grunnlag for kategorisering
4. Alternative organisasjonsformer for kommunal verksemd
5. Eigarstrategiar
6. Krav til eit godt eigarskap
7. Nærare om nokre av kommunen sine eigarinteresser

[4] Eidfjord kommune sin eigarskapsmelding. 2020.

# 6. Oversikt over selskap

På dei neste sidene presenterer me selskapa som Eidfjord kommune har eigarinteresser i, med nøkkelinformasjon som t.d. eigardel, tal tilsette, formål, eigarar, likviditetsgrad[5], soliditet[6], eigenkapital, inntekter og årsresultat.

Opplysningane kjem i hovudsak frå

- bedriftsinformasjon frå proff.no, purehelp.no, aksjeeiere.no og Brønnøysundregistrene
- selskapa sine årsmeldingar,
- selskapa sine nettsider,
- kommunen si eigarskapsmelding,
- informasjon frå prosessmøtet.

Selskapa vert presentert etter type selskap som kontrollutvalet har innsynsrett i, ifølgje kommunelova § 23-6.

| Type selskap | Selskap (eigarandel i %) |
|---|---|
| 1. Interkommunale selskap (IKS) | Vestlandsrevisjon IKS (5,13)<br>Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS (1,92) |
| 2. Interkommunale politiske råd | Hardangerrådet IKS (11) |
| 3. Kommunale føretak | Visit Eidfjord KF (100) - Nyoppretta |
| 4. Kommunale oppgåvefelleskap | IUA Bergen region KOF (0,20) |
| 5. Aksjeselskap | Sysendalen skisenter AS (100)<br>Energiselskapet Hardanger AS (24,21)<br>Vann Vest AS (4,34)<br>EPI AS (4,70)<br>Visit Hardangerfjord AS (6,89)<br>Norsk Natursenter AS (100)<br>Hardangerviddatunnelene AS (40)<br>BIR AS (0,05)<br>Hardanger og Voss Næringshage AS (2,05)<br>Book Hardanger AS (16,70) – Nyoppretta<br>Kommunekraft AS (0,3) |

[5] Likviditetsgrad er eit mål på kor mykje kortsiktige midlar føretaket har i forhold til forpliktingar selskapet har på same tidshorisont. Kortsiktig gjeld er forpliktingar som forfall innan eitt år, mens omløpsmidlar er midlar i føretaket som kan verta likvidert innan eitt år. Berekningsmodell: Likviditetsgrad = omløpsmidlar / kortsiktig gjeld.

[6] Soliditet er eit mål for evna til ein bedrift til å tole tap. Ei bedrift med høg eigenkapitalprosent, har god soliditet. Ei solid bedrift kan ha god soliditet, men likevel komme i store vanskar på grunn av dårleg likviditet. Berekningsmodell: Soliditet = eigenkapital *100 / (eigenkapital + gjeld).

| Type selskap | Selskap |
|---|---|
| 6. Andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen | Biblioteksentralen SA<br>Cruise Norway AS<br>Dag og Tid AS<br>Kommunenes Landspensjonskasse GFS<br>Rehabiliteringssenteret AiR AS |

## 6.1 Interkommunale selskap (IKS), jf. kommunelova § 23-6 a

| **Vestlandsrevisjon IKS - Org nr 925 841 153** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 3,03 %<br>Tilsette: 7<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Selskapet leverer revisjonstenester til eigarkommunane i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, kap. 24/ til ei kvar tid gjeldande kommunelov. Selskapet leverer revisjonstenester innanfor finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjonsfråsegner og rådgjevingstenester.<br><br>Selskapet skal vidareutvikla ekspertise og effektivitet på kommunal revisjon og gje selskapet fagleg, administrativ og økonomisk gevinst gjennom tidsriktig teknologisk utvikling og kompetanseutvikling i tråd med den faglege utviklinga i bransjen.<br><br>Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med andre selskap med tilsvarande formål. Selskapet kan eiga/delta i andre selskap som leverer revisjonstenester og andre tenester som naturleg høyrer slike verksemder til. Selskapet er ope for nye kommunar som ynskjer å gå inn i Vestlandsrevisjon IKS.<br><br>Eigarar:<br>Aksjonærar — Eigardel<br>Voss herad — 50,60 %<br>Osterøy kommune — 25,92 %<br>Austrheim kommune — 9,13 %<br>Masfjorden kommune — 5,21 %<br>Ulvik herad — 3,34 %<br>Eidfjord kommune — 3,03 %<br>Fedje kommune — 1,58 %<br>Modalen kommune — 1,19 %<br><br>Dotterselskap: Vestlandsrevisjon AS (95% b aksjar, 1,5% a aksjar)<br><br>Selskapet var stifta i slutten av 2020 (Samanslåing av IHR og NHR IKS) med oppstart frå 01.01.2021. Det ligg difor ikkje føre tal for 2020. | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 12 164 | 9 926 | |
| Inntekter | 13 667 | 10 446 | |
| Årsresultat | 2 242 | 490 | |

**Interkommunalt arkiv Hordaland IKS - Org nr 971 348 496**

Eigardel: 3,2 %
Tilsette: 15

Utført eigarskapskontroll:
Nei

Formål:
Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forsking og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6. 2.

Eigarar:

| Kommunar | Eigardel |
|---|---|
| Øygarden | 7,1 % |
| Alver | 6,2 % |
| Askøy | 6,2 % |
| Bjørnafjorden | 5,7 % |
| Stord | 5,1 % |
| Voss | 4,7 % |
| Kvinherad | 4,5 % |
| Bømlo | 4,4 % |
| Ullensvang | 4,3 % |
| Kvam | 4,0 % |
| Osterøy | 4,0 % |
| Sveio | 3,7 % |
| Austevoll | 3,6 % |
| Etne | 3,5 % |
| Vaksdal | 3,5 % |
| Austrheim | 3,4 % |
| Fitjar | 3,4 % |
| Samnanger | 3,4 % |
| Tysnes | 3,4 % |
| Masfjorden | 3,3 % |
| Eidfjord | 3,2 % |
| Fedje | 3,2 % |
| Ulvik | 3,2 % |
| Modalen | 3,0 % |

Me har ikkje funne rekneskapstal eller informasjon om likviditetsgrad og soliditet.

## 6.2 Interkommunale politiske råd, jf. kommunelova § 23-6 b

| **Hardangerrådet IKS – Org nr 980 045 412** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 11%<br>Tilsette: 3<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Ja, i 2016. | Formål:<br>Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.<br><br>Eigarar:<br>Kommunar — Eigardel<br>Ullensvang Kommune — 44 %<br>Kvam Herad — 34 %<br>Eidfjord — 11 %<br>Ulvik — 11 %<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: God<br><br>Aktiviteten er redusert og det er bestemt at rådet framover berre skal ha ein tilsett. | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 2 379 | 2 771 | 3 050 |
| Inntekter | 3 536 | 3 554 | 3 055 |
| Årsresultat | -392 | -271 | 4 |

## 6.3 Kommunale føretak (KF) jf. kommunelova § 9-1

| **Visit Eidfjord KF – Org nr 931 381 008** | |
|---|---|
| Eigardel: 100 %<br>Tilsette: 1<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei. Selskapet er nyoppretta. | Formål:<br>Å vareta Eidfjord kommune sine følgande oppgåver og plikter: Forvalte, drifte og utvikle Eidfjord kommune si cruicehavn, der selskapet varetar kommunen sine forvaltningsoppgåver som er tillagt etter havne- og farvannsloven. Selskapet skal sikre ei sikker, framtidsretta og effektiv hamnedrift, samt legge til rette for maritim utvikling. Vareta kommunen si plikt om vertskapsrolle for turistar gjennom drift av turistkontor samt informasjonsformidling.<br><br>Selskapet skal fungere som ein støttespelar og samarbeidspartnar mot reiselivsnæringa i Eidsfjord kommune. Selskapet skal bidra aktivt til det grøne skiftet og særleg legge vekt på berekraftig |

| | |
|---|---|
| | utvikling i samspel med samtlege målgrupper og interessentar; kommuneadministrasjonene, lokalt næringsliv og innbyggarar.<br><br>Selskapet kan også påta seg andre oppgåver som viser seg å vere teneleg for reisemålet. Selskapet er politisk motivert, og har ikkje til formål å skape aktivitet av kommersiell karakter. Selskapet skal ha fokus på langsiktig verdiskapning i samfunnet.<br><br>Eigarar:<br>Kommunar — Eigardel<br>Eidfjord — 100 %<br><br>Selskapet er nyoppretta og det er ikkje registrert rekneskap og/eller nøkkeltal for selskapet. |

## 6.4 Kommunale oppgåvefellesskap, jf. kommunelova § 23-6 c

| **IUA Bergen region KOF – Org nr 980 045 412** | |
|---|---|
| Eigardel: 0,20 %<br>Tilsette: 3<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Ja, i 2016. | Formål:<br>Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.<br><br>Eigarar: |

| Kommunar | Eigardel |
|---|---|
| Bergen | 61,51 % |
| Øygarden | 8,37 % |
| Askøy | 6,38 % |
| Alver | 6,36 % |
| Bjørnafjorden | 4,44 % |
| Voss | 3,43 % |
| Kvam | 1,81 % |
| Osterøy | 1,73 % |
| Austevoll | 1,13 % |
| Vaksdal | 0,82 % |
| Austrheim | 0,61 % |
| Samnanger | 0,53 % |
| Gulen | 0,47 % |
| Masfjorden | 0,35 % |
| Hyllestad | 0,27 % |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Ulvik 0,22 %<br>Eidfjord 0,20 %<br>Solund 0,16 %<br>Fedje 0,11 %<br>Modalen 0,08 %<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: God | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 2 379 | 2 771 | 3 050 |
| Inntekter | 3 536 | 3 554 | 3 055 |
| Årsresultat | -392 | -271 | 4 |

## 6.5Aksjeselskap som er heil ut eigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6 d

| **Sysendalen Skisenter AS - Org nr 833 869 922** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 100 %<br>Tilsette: 0<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Ja, i 2010. | Formål:<br>Eiga, byggja og drive alpinanlegg og andre tiltak i nær samanheng med dette til fordel for idrett og friluftsliv i Sysendalen.<br><br>Avvikling:<br>Av eigarskapskontroll i 2018 kom det fram at kommunen ikkje såg det som naturleg at Eidfjord kommune fortsett å eige skisenteret og såg på moglege løysingar for selskapet/avvikling.<br><br>Likviditetsgrad: Svak<br>Soliditet: Ikkje tilfredsstillande | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | -16 | 330 | 294 |
| Inntekter | 1 665 | 996 | 3 179 |
| Årsresultat | -347 | 36 | 185 |

<table>
<tr><th colspan="2">Energiselskapet Hardanger AS - Org nr 918 043 802</th></tr>
<tr><td>Eigardel: 24,2%<br>Tilsette: 4<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei</td><td>Formål:<br>Eiga, byggja og driva energiforsyning i heile konsesjonsområdet- medrekna overføring, produksjon og omsetning av elektrisk kraft. Selskapet skal vera ei konkurransedyktig og lønsam verksemd med drift etter forretningsmessige prinsipp.… Selskapet skal arbeide for:<br>• Å oppretthalde ein rimeleg og sikker energiforsyning i heile konsesjonsområdet<br>• Vera ein leiande totalleverandør av energi og energitenester innafor konsesjonsområdet.<br>• Vera ein serviceinnstilt og miljøbevisst energileverandør.<br><br>Eigarstrategi og andre forhold knytt til eigarskapet:<br>Den skal bidra til å styrke og tydeleggjera eigarane sin eigarstyring av selskapet. Eigarstrategien vil mellom anna leggja fast rammene for eigarane si eigarstyring og uttrykkja forventningar til selskapet si verksemd. Selskapet sitt styrande organ og den einskilde eigarkommune har ansvaret for å operasjonalisera strategien.<br>Vidare går det fram at eigarane forventar eit årleg utbytte på 7,5 mill. kroner, og inntil 50 % av netto overskot utover dette.<br><br>I perioden 2018-2022 vart det gjennomført ein prosess knytt til ein mogleg fusjon mellom Energiselskapet Hardanger AS og Energiselskapet Odda AS. I KST 20/072 vedtok Eidfjord kommunestyre at «Eidfjord kommune ynskjer ikkje å gå vidare med ei utgreiing av ein mogeleg fusjon mellom Energiselskapet Hardanger AS og Odda Energi AS.»<br><br>I arbeidet med ROV har administrasjonen i Energiselskapet Hardanger AS opplyst om at det frå gamalt av var ein signert aksjonæravtale mellom tidlegare eigarar i Indre Hardanger Kraftlag SA, men at det ikkje ligg føre ein signert aksjonæravtale etter endringar på eigarsida som følgje av kommunesamanslåingar.<br><br>Eigarar:<br><table><tr><th>Kommunar</th><th>Eigardel</th></tr><tr><td>Ullensvang Kommune (A-aksjar)</td><td>36,3 %</td></tr><tr><td>Eidfjord Kommune (B-aksjar)</td><td>24,2 %</td></tr><tr><td>Ullensvang Kommune (D-aksjar)</td><td>24,2 %</td></tr><tr><td>Ulvik (C-aksjar)</td><td>15,3 %</td></tr></table><br>Alle aksjetypane gjev stemmerett. Dei ulike aksjeklassane regulerer talet på styremedlemmar i selskapet.<br><br>Dotterselskap:<br>Okapi AS</td></tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Indre Hordaland Kraftnett AS<br>Hardanger Energi Eigedom AS<br>Hardanger Energi Breiband AS<br>Hardanger Energi AS<br><br>Likviditetsgrad: Svak<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 195 416 | 195 568 | 195 359 |
| Inntekter | 7 242 | 7 671 | 5 975 |
| Årsresultat | 41 158 | 14 209 | 169 |

| **Hardangerviddatunnelene AS - Org nr 999 178 812** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 40 %<br>Tilsette: 1<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Etablera sikker heilårsveg over Hardangervidda gjennom bygging av tunnelar.<br><br>Selskapet skal ha aktivitet fram mot neste NTP i 2024.<br><br>Eigarar:<br>Kommunar — Eigardel<br>Eidfjord kommune — 40 %<br>Hol kommune — 40%<br>Ullensvang kommune — 5 %<br>Ål kommune — 5%<br>Nore og Uvdal kommune — 5%<br>Ulvik herad — 5%<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 1 573 | 1 999 | 1 640 |
| Inntekter | 1 100 | 1 100 | 1 100 |
| Årsresultat | -452 | 359 | 409 |

**Epi AS - Org nr 925 073 423**

Eigardel: 4,7 %
Tilsette: 5

Utført eigarskapskontroll:
Nei

Formål:
Hovedformålet til selskapet er å fremme miljøvennlig skipsfart. EPI er et verktøy som gir havnene mulighet til å benytte økonomiske insentiver for å fremme bærekraftig skipsfart. Epi AS skal videreutvikle og fremme EPI som løsning for å karakterisere skips miljøpåvirkning når de ligger ved kai.

Eigarar:

| Aksjonærar | Eigardel |
|---|---|
| Bergen havn AS | 46,8 % |
| Stavangerregionen havnedrift AS | 12,4 % |
| Aurland havnevesen KF | 8,3 % |
| Tromsø havn KF | 6,7 % |
| Nordfjord havn KF | 5,4 % |
| Eidfjord kommune | 4,7 % |
| Trondheim havn KF | 4,4 % |
| Molde og romsdal havn IKS | 4,0 % |
| Kristiansand havn KF | 2,8 % |
| Karmsund havn IKS | 2,6 % |

Likviditetsgrad: Meget god
Soliditet: Meget god

| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 795 | 698 | 2 804 |
| Inntekter | 2 963 | 532 | 346 |
| Årsresultat | 96 | - 2 106 | - 1 185 |

| **Norsk Natursenter AS - Org nr. 970 973 613** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 100 %<br>Tilsette: 15<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Ja, i 2010. | Formål:<br>Å etablera, forvalta, eiga og driva Norsk Natursenter, eit natur- og kulturhistorisk opplevingssenter. Å samla og spreia kunnskap om samspelet i naturen, og relasjonane mellom natur og menneskeleg verksemd og skape eit nært møte mellom det moderne mennesket og naturen. Å vera eit statleg autorisert besøkssenter for nasjonalparken Hardangervidda.<br><br>Inntektskjelder og investeringar:<br>Eidfjord kommune eig bygningsmassen, mens selskapet dekker vedlikehald av bygget og dagleg drift. Eidfjord kommune har investert betydeleg når senteret har oppgradert utstillingane (med 14-16 år mellom kvar gong). Kommunen har eigd utstillingane. Unntak er den siste utstillinga, som kosta 26 MNOK.<br><br>Dotterselskap:<br>Hardangervidda Museum AS (100 %). Selskapet har ikkje aktivitet.<br>Book Hardanger AS (5 %)<br>Fjord Norge AS (0,2 %)<br>Visit Hardangerfjord AS (0,2 %)<br><br>Likviditetsgrad: Tilfredstillande<br>Soliditet: God | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 8 725 | 8 410 | 8 383 |
| Inntekter | 15 061 | 29 310 | 11 278 |
| Årsresultat | 378 | 27 | 55 |

<table>
<tr><th colspan="4">Vann Vest AS - Org nr 924 367 148</th></tr>
<tr><td>Eigardel: 4,34 %<br>Tilsette: 2<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei</td><td colspan="3">Formål:<br>Samarbeidsorganisasjon for eigarane. Selskapet skal fremma samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføra og legga til rette for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemd. Selskapet skal utføra og formidla tenester, knytt til vass- og avløpsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vassmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grada dette er formålstenleg.<br><br>Eigarar:<br>Kommunar — Eigardel<br>Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Gulen, Haugesund, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Sveio, Tysvær, Ullensvang, Ulvik, Utsira, Vaksdal, Voss — kvar 4,34 %<br>Andre — 0,18%<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: Meget god</td></tr>
<tr><td>Nøkkeltal (1000 NOK)</td><td>2022</td><td>2021</td><td>2020</td></tr>
<tr><td>Eigenkapital</td><td>686</td><td>43</td><td>-345</td></tr>
<tr><td>Inntekter</td><td>13 430</td><td>10 962</td><td>60</td></tr>
<tr><td>Årsresultat</td><td>623</td><td>378</td><td>-444</td></tr>
</table>

**Bir AS - Org nr 983 495 400**

Eigardel: 0,05 %
Tilsette: 63

Utført eigarskapskontroll:

BIR Voss og Hardanger AS (Tidlegare IHM) er blitt ein del av BIR AS. Det vart gjennomført eigarskapskontroll av tidlegare Indre Hordaland Miljøverk (IHM) i 2019. Det vart avdekka avvik knytt til offentlege anskaffingar, men dette ordna selskapet opp i.

Formål:
Eie og forvalte selskaper som skal sørge for innsamling, transport og behandling av husholdnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farlig avfall. Forøvrig kan selskapet ta på seg alle oppgaver som naturlig hører sammen med de oppgaver som er nevnt i førtse avsnitt. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak dersom dette er hensiktsmessig for å oppfylle formålet. Ved fremtidig vedtak om avfallsbehandlingsmetode og tilhørende anlegg vil vertskommunen (aksjeeierne) være besluttende organ i henhold til plan og bygningslovens regelverk.

Eigarar:

Eidfjord har ein eigardel på 0,05 % i BIR AS, medan Ulvik eig 0,06 % og Voss eig 0,89 %. Vi har ikkje funnet den fullstendige eigarbrøken i selskapet etter at Bir Voss og Hardanger AS vart innlemma i Bir AS.

Likviditetsgrad: Svak
Soliditet: Tilfredsstillande

Dotterselskap: Bir Voss og Hardanger AS (100 %)

Bir har også fleire andre dotterselskap.

| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 350 062 | 313 370 | 341 551 |
| Inntekter | 668 179 | 593 201 | 608 701 |
| Årsresultat | 97 392 | 29 959 | 13 932 |

**Hardanger og Voss Næringshage AS - Org nr 911 740 095**

Eigardel: 2,05 %
Tilsette: 22

Utført eigarskapskontroll:

Nei

Formål:
Bidra til innovasjon og næringsutvikling i Hardanger og Voss m/ omland gjennom utvikling av og tilrettelegging for nye og etablerte bedrifter, samlokalisering, tilrettelegging for relevante prosjekter og utvikling av et sterkt nettverks- og kunnskapssenter. Det skal ikke betales utbytte og selskapets overskudd skal medgå til formålet. Ved oppløsning skal eventuell formue etter gjeldsavleggelse gis til saken som faller inn under selskapets formål, etter avviklingsstyret beslutning.

Eigarar:

| Aksjonærar | Eigardel |
|---|---|
| Siva - Selskapet for Industrivekst Sf | 15,98 % |
| Sparebanken Vest | 15,52 % |
| Canica AS | 10 % |
| Voss Energi Produksjon AS | 9,52 % |
| Voss Sparebank | 7,34 % |
| Voss Veksel- og Landmandsbank ASA | 7,34 % |
| Kvam Næringsråd | 4,64 % |
| Kvam Herad | 4,19 % |
| Norske Landsbrukstenester Hordaland SA | 4,19 % |
| Kjærtveit Camping AS | 2,51 % |
| Eidfjord Kommune | 2,05 % |
| Andre | 16,72 % |

Likviditetsgrad: God
Soliditet: God

| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 4 449 | 3 655 | 1 240 |
| Inntekter | 19 796 | 14 124 | 5 288 |
| Årsresultat | -797 | 363 | 308 |

**Visit Hardangerfjord AS - Org nr 966 818 271**

Eigardel: 6,9 %
Tilsette: 6

Utført eigarskapskontroll: Nei

Formål:
- Som konsulent på tilskots- og konsulentbasis å samordna alle marknadsføring i Hardangerregionen og tiltak som kan vere med å styrke reiselivsnæringa i regionen.
- Utføre oppdrag for verksemder og andre når det gjeld marknadsføring og reklameretta verksemd, produktutvikling m.v., samt å delta i forretningsretta relatert til reiseliv.

Eigarar:

| Aksjonærar | Eigardel |
|---|---|
| Ulvik herad | 7,9 % |
| Ullensvang kommune | 18,1 % |
| Kvam herad | 6,9 % |
| Eidfjord kommune | 6,9 % |
| Andre | 60,1 % |

Likviditetsgrad: Svak
Soliditet: Ikkje tilfredsstillande

| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | -179 | 740 | 662 |
| Inntekter | 7 061 | 6 404 | 7 206 |
| Årsresultat | -914 | 79 | 615 |

**Kommunekraft AS - Org nr 866 818 452**

Eigardel: 0,3 %
Tilsette: 5

Utført eigarskapskontroll: Nei

Formål:
Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, medrekna konsesjons-kraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.

Eigarar:

| Aksjonærar | Eigardel |
|---|---|
| Landssamanslutninga av vasskraftkommunar | 57,5 % |
| Andre kommunar | 42,5 % |

Likviditetsgrad: Meget god
Soliditet: Meget god

| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 1 334 | 1 243 | 2 004 |
| Inntekter | 2 324 | 2 298 | 1 789 |
| Årsresultat | 91 | -762 | -316 |

| **Book Hardanger AS - Org nr 929 601 483** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 16,70 %<br>Tilsette: 2<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei. Oppretta i 2022. | Formål:<br>Salg og distribusjon av reiselivsprodukter i Hardanger. Videre skal selskapet fremme og utvikle Hardanger som reisemål, ved å initiere og utvikle nye initiativ og produkter, enten gjennom andre, sammen med andre eller i egen regi. Selskapet skal jobbe for å gjøre lokale opplevelser, aktiviteter og attraksjoner mer tilgjengelig gjennom å legge til rette for bedre transport og mobilitetstjenester. Selskapet kan også ha eierskap i andre selskaper som driver samme eller beslektet virksomhet.<br><br>Eigarar:<br>Eigar — Eigardel<br>Fjord Tours AS — 33,33 %<br>Ulvik Herad — 16,70 %<br>Eidfjord kommune — 16,70 %<br>Fjordtind Hotels AS — 5,93 %<br>Conrad Hansen — 5,00 %<br>Kjærtveit Camping AS — 5,00 %<br>Norsk Natursenter AS — 5,00 %<br>Hardangertun Hytter og Familiepark AS — 3,66 %<br>Trolltunga Hotel AS — 1,83 %<br>Trolltunga Active AS — 1,83 %<br>Hardanger Siderprodusentlag — 1,50 %<br>Garen Camping AS — 1,25 %<br>Dyranut Fjellstova AS — 1,00 %<br>Hardanger Saft og Siderfabrikk AS — 1,00 %<br>Andre — 0,27 %<br>Voss — 88,86 %<br>Ulvik — 6,06 %<br>Eidfjord — 5,08 %<br>Andre — 0,0 %<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 1 896 | - | - |
| Inntekter | 200 | - | - |
| Årsresultat | - 104 | - | - |

## 6.3 Andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen, jf. kommunelova § 23-6 siste ledd

| **Biblioteksentralen SA - Org nr 910 568 183** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: Uvesentleg<br>Tilsette: 62<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Vera eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vera hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betena det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden.<br>Biblioteksentralen skal drivast etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det vert skapt økonomisk tryggleik og utviklingsmoglegheiter og slik at andelseigarane sine interesser vert ivaretekne på beste måte.<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 279 237 | 279 867 | 282 579 |
| Inntekter | 178 338 | 162 589 | 153 769 |
| Årsresultat | - 630 | - 2 712 | 4 686 |

| **Cruise Norway AS - Org nr 965 309 837** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: 4,89 %<br>Tilsette: 3<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>- Å etablere, marknadsføre og vidareutvikle Norge som verda sin leiande naturbaserte cruisedestinasjon og anna i samband med dette, som igjen skal danne grunnlag for marknadsføringa av den enkelte aksjonær/samarbeidspart sitt produkt.<br>- Ivareta aksjonærane sine felles interesser overfor myndigheits-organ, premissgivarar og gjennom samfunnsdebatten nasjonalt og internasjonalt.<br>- Sikra eit geografisk spreidd eigarskap kor aksjeeigarane er aktive deltakarar i sitt distrikt til fremme av selskapet sitt hovudformål. Selskapet kan også delta i andre selskap med liknande formål og elles ta på seg nye oppgåver som står i samanheng med selskapet sitt primære formål.<br><br>Eigarar:<br>Aksjonærar – Eigardel<br>Cruise Norway AS – 7,03 %<br>Visit Bergen – 6,11 %<br>Narvik Hamn KF – 6,11 %<br>Molde og Romsdal Havn IKS – 6,11 %<br>Tromsø Havn KF – 6,11 %<br>European Cruise Service AS – 6,11 %<br>Stavangerregionen Havn IKS – 6,11 %<br>Vestvågøy kommune – 6,11 %<br>Nordkapp kommune – 6,11 %<br>Norway`s Best Group AS – 6,11 %<br>Destinasjon Eidfjord AS / Eidfjord kommune – 4,89 %<br>Andre – 0,3-3,6 %<br><br>Likviditetsgrad: God<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 1 073 | 1 259 | 904 |
| Inntekter | 5 727 | 4 272 | 3 729 |
| Årsresultat | - 185 | 361 | 49 |

<table>
<tr><th colspan="4">Dag og Tid AS - Org nr 911 092 417</th></tr>
<tr><td>Eigardel: 0,01 %<br>Tilsette: 21<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei</td><td colspan="3">Formål:<br>Å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak.<br><br>Eigarar:<br>Aksjonærar — Eigardel<br>Stiftinga Vener av Dag Og Tid — 9,0 %<br>Sveinung Lindaas — 4,8 %<br>Levald Aarhus — 3,7 %<br>Svein Gjerdåker — 3,1 %<br>Stiftinga Det Norske Samlaget — 2,2 %<br>Noregs Mållag — 2,1 %<br>Andre — 75,2 %<br><br>Likviditetsgrad: Tilfredsstillande<br>Soliditet: God</td></tr>
<tr><td>Nøkkeltal (1000 NOK)</td><td>2022</td><td>2021</td><td>2020</td></tr>
<tr><td>Eigenkapital</td><td>6 799</td><td>6 583</td><td>4 980</td></tr>
<tr><td>Inntekter</td><td>40 732</td><td>37 989</td><td>34 481</td></tr>
<tr><td>Årsresultat</td><td>75</td><td>1 220</td><td>580</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th colspan="4">KLP - Kommunenes Landspensjonskasse GFS - Org nr 938 708 606</th></tr>
<tr><td>Eigardel: Uvesentleg<br>Tilsette: 658<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei</td><td colspan="3">Formål:<br>Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenestepensjonsordninger. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturlig henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringsselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: Svak</td></tr>
<tr><td>Nøkkeltal (1000 NOK)</td><td>2022</td><td>2021</td><td>2020</td></tr>
<tr><td>Eigenkapital</td><td>42 799 000</td><td>40 678 000</td><td>39 382 000</td></tr>
<tr><td>Inntekter</td><td>44 252 000</td><td>101 386 000</td><td>62 538 000</td></tr>
<tr><td>Årsresultat</td><td>897 000</td><td>469 000</td><td>1 020 000</td></tr>
</table>

| **Rehabiliteringssenteret AIR AS – Org nr 934 452 011** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: Uvesentleg<br>Tilsette: 85<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Drift av eit rehabiliteringssenter i spesialhelsetenesta der auka arbeidsdeltaking er det overordna målet. AiR - Klinikk si kjerne-verksemd er å bidra til at personar som er utanfor, eller i fare for å falle ut av arbeidslivet på grunn av helseproblem, får betre funksjon og auka bevisstgjering av deira ressursar og moglegheiter, på ein måte som styrkjer arbeidsevna. AiR klinikk har fokus både på individet og omgjevnadane for å oppnå auka arbeidsdeltaking. AiR - Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering si kjerne-verksemd er å bidra til forsking, fagutvikling, formidling, nettverk og innovasjon innan faget arbeidsretta rehabilitering<br><br>Eigarar:<br>Aksjonærar — Eigardel<br>Vinje kommune — 16,1 %<br>Norsk Hydro ASA — 15,3 %<br>Rehabiliteringssenteret AiR AS — 7,9 %<br>ABB AS — 5,1 %<br>Andre — 55,6 %<br><br>Eidfjord kommune har opplyst at dei eig ei aksje i selskapet.<br><br>Likviditetsgrad: Svak<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 92 982 | 90 374 | 83 345 |
| Inntekter | 92 982 | 90 374 | 83 345 |
| Årsresultat | 2 655 | 8 964 | 14 413 |

# 7. Gjennomførte eigarskapskontrollar i Eidfjord kommune

- Sysendalen Skisenter AS (2010)
- Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS (Norsk natursenter AS) (2010)
- Eidfjord Utvikling AS (2013) – inkl. forvaltningsrevisjon
- Hardangerbrua AS (2014) – gjennomført av Deloitte
- Hardangerrådet IKS (2016) – inkl. forvaltningsrevisjon
- Eigarskapsforvaltning (2018)
- Indre Hordaland Miljøverk (2019) – inkl. forvaltningsrevisjon

# 8. Aktuelle eigarskapskontrollar nemnt i prosess-møte

Under prosessmøte 07.02.2024 kom deltakarane fram til eitt selskap som dei meinte hadde høg risiko og vesentlegheit, Norsk Natursenter AS. Fire andre vart vurdert til medium.

Me har lista opp moment som kom fram i møtet om dei aktuelle selskapa.

| | Selskap/område | Identifiserte risikoområde | Type selskap |
|---|---|---|---|
| 1 | Norsk Natursenter AS | • Framtidige vedlikehaldskostnad ar<br>• Ikkje vore gjennomført revisjon sidan 2010 (Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS)<br>• Heileigd selskap | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 2 | Hardangerrådet IKS | • Mindre viktig i framtida<br>• Berre ein tilsett<br>• Vil ein ha eit regionråd? | Interkommunalt politisk råd, jf. kommunelova 23-6b |
| 3 | Sysendalen skisenter AS | • Skal dette eksistere i framtida?<br>• Kjem store endringar i nær framtid | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 4 | Hardangerviddatunnelene AS | • Avhengig av progresjon i ny NTP | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 5 | Energiselskapet Hardanger AS | • Store framtidige investeringar | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |

# 9. Forslag til prosjekt

På bakgrunn av informasjonen som er samla inn og analysert er følgjande selskap mest aktuelle: Norsk Natursenter AS og Energiselskapet Hardanger AS. I tre av selskapa som er vurdert til medium knyt vurderingane seg til framtidig eksistensgrunnlag, og desse er soleis etter vår vurdering i mindre grad relevant for eigarskapskontroll på noverande tidspunkt.

Utval og prioritering av eigarskapskontroll vil gå fram av vedteken plan for eigarskapskontroll 2024 etter innstilling frå kontrollutvalet.

I val av eigarskapskontrollprosjekt som er presentert under fokuserer me på område/selskap kor det kjem fram opplysningar eller indikasjonar på spesielle utfordringar. Me kan ikkje utelukka at andre område/selskap burde eller kunne vore tekne med i oppstillinga under.

| | Selskap/område | Identifiserte risikoområde | Type selskap |
|---|---|---|---|
| 1 | Norsk Natursenter AS | • Framtidige vedlikehaldskostnadar<br>• Ikkje vore gjennomført revisjon sidan 2010 (Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS)<br>• Heileigd selskap | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 2 | Energiselskapet Hardanger AS | • Store framtidige investeringar | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |

Under prosessmøte 07.02.2024 var det administrasjonen og politikarane si vurdering at ein ikkje ynskte å prioritera forvaltningsrevisjon i samband med eigarskapskontrollane på noverande tidspunkt.

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2024/19-4
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| **Eidfjord kommune, Kontrollutvalet** | **38/24** | **05.12.2024** |

# Møteplan for kontrollutvalet 2025

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2025.

| Februar | April | Mai | Oktober | Desember |
|---|---|---|---|---|
| 20. | (10. reserve) | 29. | 9. | 4. |

### Samandrag

Møteplan for kontrollutvalet vert forsøkt lagt opp slik at den og dels samsvarar med møteplan for kommunestyret og formannskapet i Eidfjord kommune

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Det er føremålsteneleg å ha møteplan for kontrollutvalet for heile 2025. Spesielt gjeld dette i høve handsaming av årsmelding og rekneskap for kommunen. Eidfjord kommune skal handsamar dette normalt i formannskapet og kommunestyret i juni månad kvart år.

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet jf. Kommunelova § 23 - 2

## Vurderingar og verknader

Det er pr. no ikkje kjent for sekretariatet korleis møteplan vert for formannskap og kommunestyret i Eidfjord 2025. Endringar kan måtte gjerast.

Kontrollutvalet i Eidfjord har normalt fire møter i året. Det er sett opp ein «reservedato» i april.

## Konklusjon

Det er føremålstenleg at kontrollutvalet har ein møteplan for heile 2025.

Fra: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Sendt: 29.10.2024 09:57:17
Til: Kjartan Haugsnes;Helge Inge Johansen;Einar Kåre Ulla;Stian Skår Ludvigsen[Kjartan.Haugsnes@vlfk.no;Helge.Inge.Johansen@vlfk.no;Einar.Kare.Ulla@vlfk.no;Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]
Tittel: NKRFs kontrollutvalskonferanse 2025.

---

Referatsak til kontrollutvalsmøter framover.

Med helsing

**Hogne Haktorson**
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet

Vestland
fylkeskommune

tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

# NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2025

**Vi har gleden av å invitere til NKRFs 21. Kontrollutvalgskonferanse 29. - 30. januar 2025 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.**

**Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.**

**Målgruppe**

**Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.**

**Sist oppdatert: 25.10.2024**

**Nøkkelinfo**

| | |
|---|---|
| **Fra/til** | 29.1—30.1 |
| **Påmeldingsfrist** | 17.12 |
| **Pris** | Kr 8 700 eks. mva. med overnatting (inkl. frokost og middag) (ikke-medl.: kr 9 200 eks. mva.) Kr 6 840 eks. mva. uten overnatting og middag (ikke-medl.: kr 7 340 eks. mva.) Kr 1 208 eks. mva. for overnatting (inkl. middagsbuffet 28.1.2025 og frokost 29.1.2025) fra 28. til 29. januar 2025 Deltakere fra kommuner/fylkeskommuner hvor sekretariatstjenesten for kontrollutvalget ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris. |
| **Sted** | Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen |
| **Varighet** | 29.1.: 10.00 - 17.00 \| 30.1.: 09.00 - 13.00 |
| **Etterutdanning** | 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning |

**Hovedprogram | Onsdag 29. januar 2025**

**09.00**

**Registrering og enkel servering**

**10.00**

**Velkommen**

Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Tokle, NKRF

**10.10**

**Åpning**

TBA

**10.30**

**Pause og utstilling**

**10.50**

**Välfärdsbrottslighet, otillåten påverkan, kriminell ekonomi och kriminella nätverk**

Christina Kiernan, Sveriges Kommuner och Regioner (SKR)

**12.05**

**Pause og utstilling**

**12.25**

**Velferdssamfunnet mot vippepunktet?**

Ulf Andersen, statistikksjef i NAV

**13.00**

**Lunsj og utstilling**

**14.00**

**Fra vugge til grav – kommunale tjenester for framtida**

Hilde Singsaas, direktør i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)
Frank Jenssen, statsforvalter i Trøndelag
Håvard Moe, seniorrådgiver i KS Konsulent

**15.00**

**Pause og utstilling**

**15.20**

**TBA**

**16.00**

**Pause og utstilling**

**16.20 - 17.00**

**Den etiske kommunen – finnes den?**

Dagfinn Høybråten, leder av Kommunesektorens etikkutvalg

**Minikurs | Onsdag 29. januar 2025**

Valgfritt tilbud parallelt med hovedprogrammet

(**OBS** krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)

**10.50 - 12.05**

**A. Gode bestillinger av forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller**

Ellen Halsbog Lange, seniorrådgiver i NKRF
Ragnhild Aashaug, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS og nestleder i NKRF

**Middagsarrangement i The Qube | Onsdag 29. januar 2025**

**19.30**

**Aperitif og middag med underholdning.**

Middagsarrangementet foregår i **The Qube**, hvor også selve konferansen finner sted.

**Hovedprogram | Torsdag 30. januar 2025**

**09.00**

**Kunstig intelligens – muligheter og utfordringer**

Eirik Solheim

**09.45**

**Pause og utstilling**

**10.05**

**TBA**

**11.00**

**Pause og utstilling**

**11.20**

**TBA**

**12.05**

**Pause og utstilling**

**12.25**

**Kommunen og kontrollutvalget**

Agnar Kaarbø, politisk redaktør i Kommunal Rapport

**13.00**

**Lunsj**

**Minikurs | Torsdag 30. januar 2025**

Valgfrie tilbud parallelt med hovedprogrammet

(**OBS** krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)

**10.05 - 11.00**

**B. Økonomistyringssystemene og de økonomiske rammene for kommunene**

Knut Erik Lie, seniorrådgiver i NKRF og utredningsleder i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS)

**11.20 - 13.00**

**C. Forstå det kommunale regnskapet**

Inger Anne Ankersen, Viken kommunerevisjon IKS

Det tas forbehold om endringer i programmet.

Fra: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Sendt: 11.11.2024 15:57:22
Til: Kjartan Haugsnes; Helge Inge Johansen; Einar Kåre Ulla; Stian Skår Ludvigsen[Kjartan.Haugsnes@vlfk.no; Helge.Inge.Johansen@vlfk.no; Einar.Kare.Ulla@vlfk.no; Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]
Tittel: Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

---

Til orientering.
Til vurdering som referatsak.

Med helsing


**Hogne Haktorson**
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet

Vestland
fylkeskommune

tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no


*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

---

**Fra:** Anne-Karin Femanger Pettersen <anne-karin@fkt.no>
**Sendt:** fredag 8. november 2024 13:07
**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
**Emne:** Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

**Til FKT sine medlemmer v/daglig leder sekretariat og kontrollutvalgsleder**

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide anbefalingen, som har vært på **ekstern høring**.
Det er nedsatt en felles styringsgruppe for dette arbeidet, og det er ulike arbeidsgrupper – sammensatt av medlemmer fra begge organisasjonene, som utarbeider forslagene til anbefalinger.

Følgende anbefaling er nå fastsatt av styrene i FKT og NKRF:
- Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene – orienteringer fra kommunedirektøren

Formålet med anbefalingene er å gi relevant veiledning til kontrollutvalgssekretariatene om hvordan kontrollutvalget kan bestille og behandle orienteringer fra kommunedirektøren som ledd i kontrollarbeidet. Anbefalingene skal bidra til god praksis i kontrollutvalgssekretariatene utover lovkrav og lokale regler/bestemmelser.

Samarbeidet om utarbeidelse av anbefalinger fortsetter videre, og det igangsettes nå et arbeid med å utarbeide anbefalinger for tilrettelegging og gjennomføring av virksomhetsbesøk for kontrollutvalget.

*Med vennlig hilsen*


**Anne-Karin Femanger Pettersen**
Generalsekretær

**Forum for kontroll og tilsyn** / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no


**Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev**

Fra: Mobbeombod i Vestland[Mobbeombod@vlfk.no]
Sendt: 18.10.2024 14:28:04
Til: Mobbeombod i Vestland;Kommunar i Vestland fylke - postmottak[Mobbeombod@vlfk.no;kommunariVestland@vlfk.no]
Kopi:
rolfsa@gmail.com[rolfsa@gmail.com];oddbjornaalen05@gmail.com[oddbjornaalen05@gmail.com];tangelshaug@gmail.com[tangelshaug@gmail.com];trond.mjoes@gmail.com[trond.mjoes@gmail.com];rune@ecosubsea.com[rune@ecosubsea.com];torbjorn.karlsen@lysglimt.net[torbjorn.karlsen@lysglimt.net];jespe62@hotmail.com[jespe62@hotmail.com];per-arne.larsen@bergen.kommune.no[per-arne.larsen@bergen.kommune.no];magne.djuvik@fusi.no[magne.djuvik@fusi.no];stigenbakke@gmail.com[stigenbakke@gmail.com];Einar Kåre Ulla[Einar.Kare.Ulla@vlfk.no];r-ravna@online.no[r-ravna@online.no];Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no];Josteinhovland@yahoo.no[Josteinhovland@yahoo.no];Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnes@vlfk.no];kurt@hamre-hagen.no[kurt@hamre-hagen.no];Vilged@online.no[Vilged@online.no];kjsk@fitjar.kommune.no[kjsk@fitjar.kommune.no];kase@fitjar.kommune.no[kase@fitjar.kommune.no];mnordda@online.no[mnordda@online.no];a-beri-s@online.no[a-beri-s@online.no];stein@byrknes.no[stein@byrknes.no];ihauken@online.no[ihauken@online.no];astrid.refsdahl@hydro.com[astrid.refsdahl@hydro.com];trygvi@kvam.kommune.no[trygvi@kvam.kommune.no];Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no];thomeide@gmail.com[thomeide@gmail.com];anita.bjoerk.ruud@luster.kommune.no[anita.bjoerk.ruud@luster.kommune.no];post@vestkontroll.no[post@vestkontroll.no];richard.nesheim@pwc.com[richard.nesheim@pwc.com];kontrollutval@regionnordhordland.no[kontrollutval@regionnordhordland.no];ah@sekom.no[ah@sekom.no];trondakre@gmail.com[trondakre@gmail.com];utariks@hotmail.com[utariks@hotmail.com];stian.oen@hotmail.no[stian.oen@hotmail.no];klonolahlum@gmail.com[klonolahlum@gmail.com];siri@sbnatur.no[siri@sbnatur.no];annelivl@outlook.com[annelivl@outlook.com];irene.satre@outlook.com[irene.satre@outlook.com];harald.sandvik@ullensvang.kommune.no[harald.sandvik@ullensvang.kommune.no];lorentz.lunde@haugnett.no[lorentz.lunde@haugnett.no];mdgkjartan@gmail.com[mdgkjartan@gmail.com];pmbell@online.no[pmbell@online.no];Nils Petter Støyva[nils.petter.stoyva@lo.no];tarjei.haga@gmail.com[tarjei.haga@gmail.com];haakon.sjaastad@simona-group.com[haakon.sjaastad@simona-group.com];bjarne@alruntrading.no[bjarne@alruntrading.no];esaterbo@gmail.com[esaterbo@gmail.com];geir.solheim@sogn.no[geir.solheim@sogn.no];rigmor.sovik@firdasea.no[rigmor.sovik@firdasea.no];oyvindstrommen@gmail.com[oyvindstrommen@gmail.com];kontrollutvalgets.sekretariat@bergen.kommune.no[kontrollutvalgets.sekretariat@bergen.kommune.no];Arnar Helgheim[Arnar.Helgheim@sekom.no];Audhild Ragni Vie Alme[Audhild.Ragni.Vie.Alme@sekom.no];
Tittel: Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland

---

Til politisk og administrativ leiing i alle kommunar i  Vestland

Vi ønskjer med dette å dele årsmeldinga vår for barnehage- og skuleåret 2023-2024 med dykk. Fylkestinget i Vestland handsama denne 02.10.2024, og fylkespolitikarar oppmodar alle kommunar i Vestland om å handsame årsmeldinga politisk i  kommunestyret. Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og elevar i grunnskulen. Erfaringar vi har gjort og mogleg veg vidare meiner vi er naturleg å dele med kommunen, som både er barnehage- og skuleeigar. Vi vil difor òg be dykk om at årsmeldinga blir handsama og følgt opp politisk i kommunestyret, og at den vert lagt fram for leiarar og tilsette i oppvekstsektoren.

Årsmeldinga til mobbeombodet i Vestland er skriven med utgangspunkt i 201 førespurnader frå elevar, foreldre og tilsette i skule- og barnehage, samt 46 andre oppdrag som skulebesøk, foreldremøte og temadagar rundt om i fylket vårt. Meldinga inneheld statistikk som gjeld for heile fylket. Utvida informasjon på

kommunenivå må kvar kommune etterspørje direkte frå omboda. Engasjementkartet på side 13 viser kva arbeid omboda har gjort i dei ulike kommunane.

Vi håper og trur at årsmeldinga vår kan bidra i kvalitetsarbeidet med barnehage, skule- og oppvekstmiljø i din kommune, og ber om at de tek kontakt om de har innspel eller kommentarar til ombodet sitt arbeid.

**Vi ber om følgjande tilbakemelding frå kvar kommune (til denne e-postadressa) når de har fått lese/handsama årsmeldinga:**

*Kva de meiner er bra i årsmeldinga*
*Er det informasjon de saknar/noko som burde vore annleis*
*Eventuelle andre kommentarar, innspel til omboda*

Om de ønskjer, kjem vi gjerne på besøk, til både politisk og administrativt nivå, eventuelt til andre aktuelle arena. Vi tenkjer at samarbeid kan vere nyttig for barn og unge i heile Vestland. Vi er interesserte i å lære meir om korleis de jobbar og kva for ressursar som finst i kommunen, og vi ønskjer på same tid å dele erfaringar vi gjer oss gjennom vår rolle.

Ta kontakt med oss for små og store spørsmål!

(Årsmeldinga ligg som vedlegg, de finn ho også på heimesida vår: https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/kva-er-og-kva-gjer-mobbeombodet/ )

Beste helsing

**Gøril Hillersøy og Hildegunn Hodneland**
Mobbeombod

Stab - avdeling for organisasjon og økonomi

Vestland fylkeskommune

tlf.: 57 30 03 33
www.vestlandfylke.no

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*



Foto av disse/huske på leikeplass

# Årsmelding 2023-24

## Mobbeombodet i Vestland

Vestland fylkeskommune

# Innhald


Forord ... 3

Samandrag ... 4

Mobbeombodet- kven er vi og kva gjer vi? ... 5

Vårt kunnskapsgrunnlag og verdiplattform ... 7

Mobbeombodet sitt arbeid i 2023-24 ... 9

Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe ... 11

Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø ... 11

Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod ... 12

Engasjementskart ... 13

Mobbeombodet sine erfaringar- tendensar i Vestland siste skuleår ... 14

Urolege miljø og kampen om å høyre til ... 14

Mobbing der vaksne ikkje er ... 15

Ufrivillig skulefråvær ... 15

Krenka av vaksne ... 16

Krevjande skule- heim samarbeid ... 16

Kva med barnehage? ... 17

Å lukkast med både førebygging og handtering- tilrådingar frå mobbeombodet ... 19

1.Skap god dialog med heimane ... 19

2. Kjenn barn og unge sine rettar ... 19

3. Laget rundt eleven må vere fulltalig ... 19

4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på agendaen ... 20

Type I og type II skular- kva kjenneteiknar skular som lukkast? ... 20

Vegen vidare ... 22

Kjeldeliste ... 24

# Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2023-2024, og er skriven med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet, og det arbeidet som har vorte gjort. Erfaringar og observasjonar frå enkeltsaker og systemarbeid er inkludert. Mobbeombodet rapporterer til fylkestinget for å vise korleis ressursar har vore nytta, men enno meir for å peike på svakheiter, og sjå moglegheiter som kan vere til nytte i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane. Årsmeldinga er ikkje ein tilstandsrapport om alt som går føre seg i skular og barnehagar i Vestland, men ho rommar nyansar og perspektiv som supplerer det eksisterande datagrunnlaget som kommunane og andre barnehage- og skuleeigarar har.

Når mobbeombodet mottar ein førespurnad, høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i kva som ligg i barns opplevingar av å ikkje ha det trygt og godt og kva hjelp dei ønskjer. Dette er viktig å løfte og gjere kjent.

I rolla som mobbeombod kjem vi òg i posisjon til å sjå kva som konkret fremmar og hemmar gode løysingar i skule og barnehage, og kva tilsette og støttesystem ønskjer hjelp til. Dette formidlar vi også gjennom årsmeldinga vår.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss, og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare all tilbakemelding vi har fått. Vi er særlege takksame for samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les ho, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Hildegunn Hodneland

Mobbeombod i Vestland,

07.08.2024



# Samandrag

Skule- og barnehageåret 2023-24 har mobbeombodet motteke 201 førespurnader som gjeld barnehage og/eller skulemiljø i Vestland. Det er flest foreldre som tek kontakt, men også tilsette i skule og barnehage kontaktar oss for å sparre eller frå råd og rettleiing i krevjande saker. Ein del av arbeidet vårt i løpet av året er også deltaking med presentasjonar og innlegg for tilsette i barnehage og skule, foreldre og politikarar. I år har vi hatt 46 slike innlegg. I tillegg har vi formidla synspunkt og kunnskap om mobbing og utrygge leike- og læringsmiljø gjennom ulike innspel i media, mellom anna kronikk, avisreportasje og podcast.

Gjennom besøk og samtalar med foreldre og tilsette i skular og barnehagar i Vestland og førespurnadane vi får, får vi eit innblikk i kor skoen trykker, og kva som fungerer og ikkje fungerer når barn og unge ikkje har det trygt og godt i barnehage eller skule. Vi erfarer at mobbing er meir enn enkeltelevar som er slemme med kvarandre, og ofte meir komplisert enn eit mobbeoffer og ein pådrivar. Mobbing handlar om komplekse sosiale prosessar og negative gruppedynamikkar, og det som skjer må sjåast i samanheng med omgjevnadane til barnet/eleven.

I årsmeldinga løftar vi fram problemområde og utfordringar vi ser i skule- og barnehage, og gir avslutningsvis tilrådingar til skule- og barnehageeigar, leiarar og tilsette.

Vi set i år fokus på utrygge miljø og kampen om å høyre til. Utrygge elevar og snitche-problematikk er ein del av dette. Skulevegring, vaksne som krenker og krevjande skule- heim samarbeid er også problemstillingar vi møter stadig oftare, og som vi reflekterer rundt i årsmeldinga vår. Vi har få førespurnader frå barnehage, men høyrer likevel ofte at «det starta i barnehagen», og tematiserer korleis barnehage og barnehageeigar kan bli flinkare til å informere om lovverk knytt til trygt barnehagemiljø og til å arbeide systematisk med førebygging og handtering av mobbing.

Årets tilrådingar skil seg ikkje i stor grad frå tidlegare år, og kjem i stikkordsform her:

1. Skap god dialog med heimane
2. Kjenn barn og unge sine rettar
3. Laget rundt eleven må vere fulltalig
4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på agendaen

Mobbeombodet i Vestland jobbar ut frå bodskapen «saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø», og målet med årsmeldinga er å få til endring og aktivisering. Årets elevundersøking viste diverre ei auke i mobbetala, også i Vestland, og ingen har så langt funne svaret på kvifor. Kampen mot mobbing må halde fram, men ingen kan kjempe han aleine. Mange må stå saman, og alle kan gjere

litt. Vi ynskjer at du som les årsmeldinga, anten du er politikar, skule/barnehageeigar, rektor, barnehagestyrar, elev eller føresett til eit barn i Vestland, etterspør og legg press for å nå måla. Elevar og føresette må stille spørsmål til skulen, tilsette stiller spørsmål internt, -til kollegaer og oppover i systemet. Leiarar i skule og barnehage må stille spørsmål og stille krav til eigarar, både administrasjon og politikarar.

# Mobbeombodet- kven er vi og kva gjer vi?

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og grunnskule, og for deira foreldre. Ombodet skal arbeide mot alle former for mobbing og krenkelsar, og skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Det inneber at alle kan spørje ombodet om råd i saker som gjeld barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet har teieplikt.

I Vestland var det i 2023 registrert 32 880 barn i barnehagar[1] og 76 929 elevar i grunnskulen[2].

Ordninga med fylkesvise mobbeombod vart initiert som ei nasjonal prøveordning hausten 2018, og fylkestinget i Vestland vedtok 10.6.20 mandatet [3] som mobbeombodet arbeider ut frå.


Hildegunn Hodneland er mobbeombod i Vestland

I Vestland skal det vere to mobbeombod. Fram til mars 2024 var Aina Drage og Hildegunn Hodneland tilsette i 100 % stillingar. Frå Aina gjekk over i ny stilling i mars og ut skuleåret har Hildegunn vore aleine som ombod. 15. august tek Gøril Hillersøy til som nytt ombod i nord-fylket, og vi blir igjen fulltalige.

Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter. Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte fylkeskommunedirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad ved fylkeshusa i Bergen og på Leikanger.

Mobbeombodet jobbar ut mot alle kommunane i Vestland, og fungerer også som samarbeidspartnarar, rådgjevar og rettleiarar for ulike aktørar som er ansvarlege for å sikre barn og unge sine rettar. Vi arbeider aktivt for å sikre godt samarbeid med desse, t.d. barnehagar, skular, PPT,

[1] https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager
[2] https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen
[3] Kva er og kva gjer mobbeombodet - Vestland fylkeskommune

lokale skulemiljøteam, barnekoordinatorar og helsetenester. Vi arbeider på ulike nivå frå individ- til samfunnsnivå.

### Individnivå- barn og unge

I møte med barn, ungdom og foreldre skal ombodet lytte, anerkjenne, støtte, rettleie og gi råd. Vi skal arbeide for at barnehagebarn og elevar i grunnskulen sin rett til eit trygt psykososialt miljø, som fremjar helse, læring, trivsel og inkludering. Arbeidet vårt på dette nivået vert regulert av sentrale lovverk som FNs barnekonvensjon, rammeplan for barnehage, barnehagelova (særskilt kap. 8) og opplæringslova (særskilt kap. 9A (kapittel 12 frå 1.8.24)).

Barnekonvensjonen sin art.3 om omsyn til barnets beste ligg til grunn for alle vurderingane våre

### Skule- og barnehagenivå

Ombodet skal vere ein ressurs for tilsette i skular og barnehagar, og gi informasjon om retten til godt psykososialt leike- og læringsmiljø. Vi gir råd og rettleiing i enkeltsaker, og går i dialog med skular og barnehagar i saker som er vanskelege å løyse. Krevjande saker kan handle om at saka i seg sjølv er kompleks, manglande tillit og/eller dialog mellom heim og barnehage/skule, eller om at barnehage/skule har behov for auka kompetanse.

### Systemnivå

Ombodet samarbeider med skule- og barnehageeigar og andre aktørar som arbeider for og med barn og unge. Her kan vi nemne Elevorganisasjonen, ulike foreldreutval, Læringsmiljøsenteret, skulehelsetenesta, frivillige organisasjonar, pasient- og brukarombodet, høgskular og universitet. Stadig fleire av kommunane i Vestland inviterer oss inn, både på administrativt og politisk nivå, for samarbeid og for å høyre meir om arbeidet vårt. I tillegg samarbeider vi med elev- og lærlingombodet i Vestland. Mandata til begge omboda seier at vi skal ha jamlege møtepunkt med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen, og vi ser fram til mykje godt samarbeid komande skuleår.

**Samfunnsnivå**

Mobbeombodet i Vestland skal ha eit tydeleg uttalt verdi/barnesyn, og vere barna si stemme i samfunnsdebatten i saker som handlar om barn- og unge sine retter til trygge psykososiale miljø. Dette gjer vi ved å samle dokumentasjon, statistikk og rapportar til politikarar, men også gjennom uttalar- intervju, kronikkar etc.- i media, og gjennom innlegg i eigne sosiale media. Vi samarbeider også med ombod i andre fylke om høyringsinnspel til lovendringar som omhandlar barn og unge.

**Her kan du kontakte oss:**

Telefon: 57 30 03 33

E-post: mobbeombod@vlfk.no

Nettside: vlfk.no/mobbeombodet

# Vårt kunnskapsgrunnlag og verdiplattform

Mobbeombodet har ei relasjonell og systemisk tilnærming til mobbing. Det vil seie at vi ser på mobbehandlingar som meir enn berre uønskt åtferd i seg sjølv. Å handtere mobbing har lenge handla om å jakte på vondsinna mobbeåtferd for deretter å konfrontere mobbarar og stoppe dei. Forsking på mobbing i skule og barnehage viser at mobbing svært ofte handlar om dynamikken i barnegruppene, om sosiale prosessar på avvege. Mobbeombodet i Vestland arbeider ut frå dette kunnskapsgrunnlaget. Vi erfarer at der eitt barn i gruppa ikkje har det bra, er det ofte fleire i same klasse/gruppe som også kjenner på utanforskap og mobbing. Mobbing handlar om utrygge miljø og om kampen for å høyre til. Det skjer i ein kontekst, og kan også handle om kultur og relasjonar

Årsakene til åtferd kan altså vere samansette,  og vi meiner ein må sjå åtferda i samanheng med omgjevnadane til barnet. Samtidig er vi også opptekne av at mobbeåtferd må stoppast. Å involvere dei vaksne rundt barnet er viktig, og vi samarbeider difor også med tilsette i skule og barnehage, der vi mellom anna kan vere med å diskutere og analysere utfordringar med enkeltelevar og i barne- /elevgruppa.

Ein kjent og viktig indikator på skulemiljø er den årlege Elevundersøkinga, som òg er ein del av kunnskapsgrunnlaget i arbeidet for trygge og gode skulemiljø. Undersøkinga kartlegg sentrale sider ved elevane sine læringsmiljø, også mobbing. Når undersøkinga konkret spør om eleven har opplevd mobbing, vert det utdjupa: *Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan for stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakke eller slå, dytte og halde fast.*

Denne definisjonen på mobbing er i tråd med Dan Olweus sin definisjon[4] frå 1992, som også er internasjonalt anerkjent. Vi veit på same tid at nyare definisjonar på mobbing veks fram. Ingrid Lund [5] har saman med fleire kollegaer utvikla følgjande definisjon: *«Mobbing av barn og unge er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, å vere ein betydingsfull person i fellesskapet og moglegheita til medverknad."*



Definisjonen på mobbing kan hjelpe oss til å forstå kva som skjer mellom barn, og til å komme i posisjon til å hjelpe. Uavhengig av definisjon er det samstundes slik at aktivitetsplikta i opplæringslova tek utgangspunkt i **eleven si oppleving** av eige skulemiljø og om eleven har det trygt og godt, uavhengig om mobbing er ein faktor.

Mobbeombodet arbeider heile tida med å oppdatere oss fagleg og har jamleg møte med elev- og lærlingombodet i Vestland. Vi diskuterer aktuelle problemstillingar og reflekterer rundt omgrep og praksis. Vi deltek også på både regionale og nasjonale kompetansehevingar saman med andre mobbeombod og elev- og lærlingombod i Noreg.

[4] Den tradisjonelle definisjonen av mobbing er utvikla av forskaren Dan Olweus, som definerer mobbing slik: "Ein person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentatte gonger og over ei viss tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar."

[5] Helgeland A. & Lund I. (2020) Mobbing i barnehage og skole-nye perspektiver

# Mobbeombodet sitt arbeid i 2023-24

Mobbeombodet har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø. Dei fleste som kontaktar oss er foreldre til barn som ikkje har eit trygt barnehage eller skulemiljø. Den nest største gruppa er tilsette som tek kontakt for å få råd eller rettleiing i ei sak. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt/alder, og kven som har tatt kontakt med oss.




*Dei fleste, og totalt 183 førespurnader, har kome frå skulefeltet.*

*Diagrammet syner òg at barnehage brukar tenesta, totalt 10 førespurnader.*

*Vi har mottatt 8 førespurnader som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule. Det kan vere saker frå fritidsarenaer, vidaregåande skule eller tidlegare elevar som ynskjer råd om tidlegare sak.*




*Tilsette som har kontakta oss har vore leiarar i skule/barnehage, lærarar og førskulelærarar, assistentar. Nokre av førespurnadane under «tilsette» kjem også frå skulehelseteneste og barnekoordinatorar*

*«Andre» som har tatt kontakt inkludere FAU-representant, sambygdingar og leiar av fritidsaktivitet*




*Vi mottek flest førespurnader som gjeld mellomtrinn, men til samanlikning frå førre årsmelding ser vi at fordelinga mellom småtrinn og mellomtrinn no er jamnare.*

*Førespurnader frå ungdomstrinnet er på omtrent same nivå som førre skuleår.*

*Fordelinga mellom kjønn er tilnærma lik.*

*Frå barnehagefeltet er det flest førespurnader som gjeld dei eldste barna*

Mandatet vårt seier at mobbeombodet i Vestland skal bidra til at barn og unge får ivaretatt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. I praksis handlar dette i stor grad om å gi råd og rettleiing på bakgrunn av lovverk og faglege perspektiv, i tillegg til å yte emosjonell og sosial støtte.

Når vi vert kontakta av elevar og foreldre prøver vi difor

1) å lytte og møte den som tek kontakt med oss slik at den kjenner seg forstått og teke på alvor,
2) gjennom fagleg og emosjonell støtte og ruste elev/foreldre til å handtere sin eigen situasjon, vite kva ein kan gjere og kva ein kan forvente av barnehage, skule og eigar, og
3) gi sosial støtte når elev/foreldre har behov for det i møte med barnehage/skule

Når mobbeombodet er uroleg for ein situasjon/prosess som ikkje fører fram eller for kvaliteten på oppfølginga, seier vi frå til ansvarlege, som regel barnehagestyrar, rektor eller barnehage- og skuleeigar. Dette skjer ofte parallelt med at foreldra sjølve seier i frå. Som det går fram av tabellen over, ynskjer også tilsette i skule og barnehage å rådføre seg med mobbeombodet i krevjande saker, det kan vere konkrete spørsmål eller nokon å tenke høgt saman med, for å prøve å få auge på det ein sjølv ikkje ser.  For at barnehagebarn og elevar skal få oppfylt retten sin til å ha det trygt og godt, er det avgjerande av skule- og barnehage har god kapasitet til å hjelpe når det først har gått gale, når førebygging likevel ikkje er nok. Mobbeombodet meiner det er viktig å vere god i å handtere mobbesaker når førebygging ikkje er nok. Vi veit at ein blir gode på det ein øver på, og når det kjem til handtering av mobbing og/eller utrygge skulemiljø, må ein vere god både kollektivt og individuelt.




*Av dei som tek kontakt med oss fortel dei fleste av situasjonen har vart i 1-3 år. Det høyrer og med at dei aller fleste av desse allereie har gitt beskjed eller vore i kontakt med barnehage/skule.*

*Vi merkar oss at om lag 17 % av dei som tek kontakt har opplevd utrygt barnehage/skulemiljø i meir enn 3 år.*

*Om lag 20 % har ikkje fortalt noko om varigheit*

## Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe

Evaluering av mobbeombodstenesta viste at ordninga har hatt effekt, men at ho har vore lite kjent.[6] Vi har jobba på fleire måtar for å gjere tenesta betre kjent.

a) Vi har sendt e-post med lenke til nettsida vår til aktuelle aktørar i kommunar, med mål om å gjere informasjonen lett tilgjengeleg for barn og foreldre. Vi ser at mange kommunar, skular, barnehagar, fylkeskommunale skular informerer om tenesta, men oppfordrar med alle kommunar i Vestland til å undersøke om dei har oppdatert informasjon om mobbeombodet på sine heimesider.

b) Gjennom eigen profil på Facebook[7] og Instagram [8]rettar vi oss mot foreldre og mot ungdom. Her har vi delt aktuell informasjon for målgruppa.

c) I fysiske og digitale besøk i klasserom og foreldremøte har vi presentert oss sjølve og mobbeombodstenesta.

d) Mobbeombodet har delteke i paneldebatt og stilt opp til intervju i aktuelle saker i media. Dette året har vi bidratt til 9 innlegg/intervju fordelt på lokalaviser, regionaviser, paneldebatt, lokalradio og podcast.

## Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø

Mobbeombodet har gjennom skuleåret 2023-24 bidratt med 46 innlegg og føredrag i ulike fora. Vi tilpassar innlegga til publikum og deira ynskje og behov, men «saman for trygt og godt skulemiljø», erfaringar frå eige arbeid kombinert med forsking på førebygging og handtering av mobbing og utrygge leike- og læringsmiljø er viktige stikkord når vi er snakkar til- og med- alt frå politikarar til foreldregrupper. Informasjon om mobbing og sosiale prosessar blant barn og unge, kva foreldre og tilsette kan bidra med for å skape trygge fellesskap, og informasjon om lovar og rettar i samband med trygge og gode leike- og læringsmiljø er alltid på programmet når vi er på oppdrag rundt i fylket.

[6] https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-_mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf
[7] https://www.facebook.com/mobbeombod

[8] https://www.facebook.com/mobbeombod




*Ved invitasjon, og med omsyn til kapasitet, har mobbeombodet halde foredrag og innlegg for aktuelle og ansvarlege i barn sine miljø.*

*Å treffe elevar, foreldre, tilsette i skule/barnehage, skuleeigar og politikarar har vore viktig med omsyn til å gjere mobbeombodet kjend.*

## Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod

Fylkesvise mobbeombod, elev- og lærlingombod og oppvekstombod har eit nasjonalt nettverk. Gjennom faste digitale samlingar og i arbeidsgrupper har vi hatt faglege drøftingar, delt erfaringar og gitt høyringssvar. Læringsmiljøsenteret i Stavanger har hatt i oppgåve å legge til rette for kompetansesamlingar for omboda. Å vere i nettverk med andre ombod har bidratt til fagleg utvikling og rolleforståing. Eit av mobbeomboda i Vestland sit i nettverket sitt arbeidsutval.

# Engasjementskart



# Mobbeombodet sine erfaringar- tendensar i Vestland siste skuleår

## Urolege miljø og kampen om å høyre til

Mange av historiene vi høyrer er komplekse, det kan gjerne vere fleire grunnar til at barn og unge ikkje har det bra på skulen. Ein fellesnemnar som går igjen i mange, er at elevgruppa eller klassen manglar det gyldige vi-et [9]som forsking på klassemiljø løftar fram som eit kjenneteikn på trygge klassar. Vi høyrer historier om «kampen for å vere innanfor», om klassar der det er skummelt å snakke høgt i timen, om skular som er prega av ein «snitche-kultur» [10] også langt nede i barneskulen. Rammene for kva som er godkjent, det vere seg klesstil, åtferd, interesser m.m., kan vere tronge, og tilhøyrsle blir ein avgrensa ressurs.

Utanforskap av ulike typar er altså ein gjengangar i mange av sakene ombodet er involvert i, og vi ser at det å ikkje vere eit fullverdig medlem av gruppa, å ikkje vere ein som vert rekna med, er vond. Vi ser også at mange skular har vanskar med å gi elevane den roa og stabiliteten som trengst for å skape eit trygt og godt klassemiljø.

*Det er ikkje viktig for meg kva gruppe eg er i, så lenge det er den vaksne som bestemmer.*

Gut i 4.klasse uttalar seg om gruppeinndeling i samband med ei mobbesak

Vi høyrer forteljingar om hyppige skifte av kontaktlærarar, om høgt sjukefråvær hjå personale både i skule- og i barnehage, og om vanskar med å få tak i kvalifiserte vikarar.
Trygge relasjonar mellom lærar- elev og god klasseleiing er sentralt i både førebygging og handtering av mobbing. Stor bruk av ufaglært arbeidskraft og lite stabile personalgrupper får dermed fleire negative følgjer for elevane.

[9] https://utdanningsforskning.no/contentassets/813f0fc2e006460ab01cb66df89db5e5/skolers-arbeid-med-elevenes-psykososiale-miljo.pdf

[10] https://www.usn.no/forskning/forskningsgrupper-og-senter/barnehage-skole-og-hoyere-utdanning/utdanningskvalitet-og-profesjonelt-handlingsrom-i-barnehage-skole-og-hoyere-utdanning/er-du-snitch-er-du-ferdig

## Mobbing der vaksne ikkje er

Barn og unge er saman i barnehage, på skule, på skuleveg, på fritid og på nett. Barn som opplever mobbing og krenking, viser til at dette skjer på fleire stader, i ulike situasjonar og på ulike måtar. Barn fortel både om tydelege og meir skjulte krenkingar. I tillegg til førespurnader om urolege klassemiljø, høyrer vi om barn som blir utsette for verbale, relasjonelle, fysiske og digitale krenkingar.

Barn fortel om å bli kalla ufine ting, til dømes kommentarar på utsjånad. Trugslar om overgrep eller vald skjer, til dømes at personen skal bli skada om han/ho ikkje gjer som medelevane vil, eller om dei «snitcher». Rasistiske utsegn og kommentarar som gjeld identitet er òg ein del av opplevingane vi høyrer om. Dette skjer både ansikt til ansikt og digitalt. Mobbeombodet erfarer det same som også elevundersøkinga [11] viser: mobbing og krenking skjer oftast der vaksne ikkje er, eller på måtar som vaksne ikkje klarar å fange opp. Elevar fortel også om vaksne som ser, men ikkje grip inn, og om at dei opplever å bli bagatellisert når dei fortel om mobbing og krenkingar dei opplever.

## Ufrivillig skulefråvær

Ufrivillig skulefråvær, eller skulevegring, er ei utfordring i stadig fleire av førespurnadane til mobbeombodet. Årsakene til at skulen opplevast som ein utrygg plass å vere, er ofte samansette, men for mange elevar handlar det om utanforskap, og om mangel på både fagleg og sosial tilrettelegging. Forsking på skulefråvær viser at det er viktig å starte arbeidet med skulenærvær tidleg, og at elevar treng at skulekvardagen er mest mogleg føreseieleg og trygg. Vi ser at tid alltid er ein sentral faktor i skulefråværssakene.

> Det gjekk ikkje i dag heller…Vi kom oss til parkeringsplassen utanfor skulen, då svikta motet. Han vil så gjerne vere der, vere som alle dei andre, men så får han det ikkje til…
>
> Mor til 6.klassing i Vestland

Det er viktig at dialogen mellom skule og heim er god og kjem raskt i gang, og at tiltak for å trygge eleven er basert på kunnskap om eleven sin situasjon, vert sett i gang raskt, og følgt opp. Sist, men ikkje minst, må eleven sjølv bli lytta til, og omsynet til elevens beste vege tungt i avgjerdene som vert tatt.

Både elevar og foreldre fortel at dei kan oppleve å bli «gløymt» når eleven ikkje er på skulen, og saknar tettare oppfølging frå skulen si side, også i periodar når eleven ikkje klarar å vere der.

[11] https://samforsk.no/uploads/files/Mobbing-pa-skolen-Analyse-av-Elevundersokelsen-2023_24.pdf

## Krenka av vaksne

Mobbeombodet ser ei lita auke i førespurnader som handlar om elevar som blir krenka av vaksne. Årets elevundersøking viser også at fleire elevar rapporterer om denne typen krenkingar. Når barn og unge opplever mobbing eller krenking frå vaksne, handlar det ofte om situasjonar der 1) vaksne krenker barn, 2) vaksne blir opplevd som ein utrygg faktor eller 3) barnet manglar ein trygg vaksenrelasjon i barnehagen eller ved skulen.

Barn som opplever krenking frå vaksne fortel om tydelege overtramp, og meir skjulte eller udefinerbare. Vi har høyrt om barn som har opplevd å få straff; kjeft i samla klasse, ironiske/sarkastiske kommentarar frå lærar, utestengt frå time ved at døra blir låst, innestengt i kott, klype i armen eller halde fast. Barn som har opplevd slike hendingar, fortel at dei blir redde for den vaksne, og at frykta sit i kroppen i lang
tid etterpå. Barn som observerer at andre barn blir utsette for slike krenkingar vil òg ofte oppleve den vaksne som utrygg.

Når relasjonen mellom barn og tilsett er skjør, vil samhandling mellom dei opplevast annleis enn når relasjonen er trygg og god (Flygare & Nordahl 2016). Vi ser at det her ligg ein risiko for at det den tilsette seier og gjer, sjølv med dei beste intensjonar, kan bli opplevd krenkande. Vi høyrer òg om barn som ikkje kjenner seg likt av vaksne.

> Eg hatar at Bjarte (miljøarbeidar) slutta, no er det faktisk ingen vaksne på skulen som likar meg…
>
> Niandeklasse-jente i Vestland

## Krevjande skule- heim samarbeid

I mange av sakene mobbeombodet høyrer om eller følgjer over tid, opplevast samarbeidet mellom skule og heim som krevjande for begge partar. Det kan vere mange grunnar til at det blir slik, men ein av dei vanlegaste er at det tek lang tid frå elev- og/eller føresette melder frå om mobbing og utrygt miljø til skulen undersøker og set i verk tiltak. Foreldre melder ofte om manglande oppfølging frå skulen. Det kan t.d. handle om at dei sjølve må etterspørje oppfølgingsmøte, sakslister og referat frå møta. Dei er også usikre på når og om skulen har sett i verk tiltak for gjere eleven trygg, og kva desse tiltaka går ut på. Mange gongar finst tiltaka som punkt i ein aktivitetsplan, men vert ikkje følgt opp i praksis eller endra når og dersom situasjonen rundt eleven endrar seg. Tilsette i skulen kan frå si side fortelje om foreldre som krev mykje av dei, er utolmodige og om manglande kapasitet til å arbeide godt med både førebygging og handtering av mobbing og utrygge miljø. Dei ber om tillit frå foreldra,

men for å få denne tilliten er det ofte ein føresetnad at foreldra opplever skulen som føreseieleg og profesjonell, både når det kjem til sakshandsaming, forvaltningsskikk og oppfylling av aktivitetsplikta etter oppll.lova § 9 A-4 (ny oppll.lov § 12-4).

## Kva med barnehage?

«Finst det mobbing i barnehagen?» er eit spørsmål vi i mobbeombodet får med jamne mellomrom. Sjølvsagt er det ein del av barn si naturlege utvikling å prøve ut ulike negative handlingar som å ta leikar frå jamaldringar, bite eller dytte, utan at ein nødvendigvis skal eller bør kalle dette for mobbing. Dersom ein ser døme på eit samspel mellom barn som er prega av negative interaksjonar der t.d. nokre barn ikkje blir invitert inn i leiken, blir utsett for verbale eller fysiske krenkingar, er det viktig at personalet har både kunnskap og kapasitet til å gripe inn og rettleie. Vi veit at barn som vert utsett for gjentekne negative handlingar kan har auka risiko for sosiale, emosjonelle og akademiske vanskar seinare i livet (Idsøe & Roland, 2017).

Mobbeombodet har hatt 10 førespurnader frå barnehagefeltet det siste året. Sjølv om det ikkje er mange, ser vi at dei same problemstillingane går att i alle sakene der det er foreldre som tek kontakt med oss. Det handlar om at ein kjenner seg bagatellisert når ein melder frå om at barnet ikkje har det trygt i barnehagen, om manglande undersøkingar og/eller om tiltak som ikkje vert gjennomførte eller har effekt. Barnehageforeldre spør i tillegg ofte om korleis og til kven ein skal løfte saka når tiltaka i barnehagen ikkje fungerer. I motsetnad til opplæringslova, gjennom § 9 A-6, gir ikkje barnehagelova same individuelle klagerett. For barnehagane er det kommunen som er tilsynsmyndigheit og fører tilsyn etter barnehagelova.

I mars 2024 kom ein rapport frå Utdanningsdirektoratet[12] der barnehagesektorens forståing, implementering og etterleving av barnehagelovas kap. VIII, psykososialt barnehagemiljø, vart evaluert. Den viste mellom anna at det er stor skilnad mellom barnehageeigarar når det gjeld implementeringa av bestemmingane av barnehagelova kap. VIII. Den viste også at det varierer i kor stor grad foreldre får informasjon om lovverket og rettar knytt til dette.

[12] Rapport evaluering av barnehageloven kapittel VIII (udir.no)

Både mobbeombodet sine erfaringar og rapporten viser at mange barnehagar har ein praksis der tiltak ikkje vert nedfelt i ein skriftleg plan, noko som ikkje er i samsvar med aktivitetsplikta. Ombodet sine førespurnader frå barnehage viser at det er ulik forståing blant dei tilsette av kva som er ei krenking, noko som kan føre til at meldingar frå barn og føresette ikkje blir tekne på alvor. Rapporten viser også dette, og peiker på at ulik forståing vil føre til ein risiko for at terskelen for å gripe inn blir for høg, og at terskelen for å melde frå til styrar når nokon som arbeider i barnehagen krenker eit barn også vert for høg.

I skulemiljøsakene mobbeombodet er inne i, høyrer vi ofte «det starta i barnehagen». Dette, og kunnskapen om varierande arbeid med implementering av og informasjon om barnehagelova kap. VIII, gjer at vi vil prioritere informasjon og samarbeid med barnehagane i Vestland følgjande år.



*Foto: Vestland fylkeskommune: Tre barn i barnehagen*

# Å lukkast med både førebygging og handtering- tilrådingar frå mobbeombodet

## 1.Skap god dialog med heimane

Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partner og ein verdifull bidragsytar. Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet.

Ha klare rutinar for møteleiing, referatskriving, og ha leike- og læringsmiljø som tema på alle foreldremøte. Foreldremøte som inviterer til dialog og samarbeid er ofte etterlyst av foreldre.

Vær ærlege med foreldra dersom det er mobbing og uroleg miljø på skulen eller i barnehagen. Foreldre blir urolege og mister tillit når dei erfarer og høyrer noko anna enn det som går fram av vekebrev og på foreldremøte. Fortel korleis de har undersøkt og kva de fann ut, og informer foreldra om korleis de vil arbeide framover for å få slutt på mobbing og bygge opp at trygge miljø.

## 2. Kjenn barn og unge sine rettar

Alle som arbeider med barn og unge må ha kunnskap om rettane deira, og korleis gjere ei vurdering av barnets beste. Dei må vidare gjennomføre pliktene sine etter lovverket ovanfor barn.

Alle tilsette i skule og barnehage, også midlertidig tilsette og vikarar, må ha inngåande kompetanse om aktivitetsplikta og delpliktene, etter opplæringslov og barnehagelov. Det er skule/ barnehageeigar- og leiing sitt ansvar å sørgje for at dette er tema som vert arbeidd med systematisk, og for oppfølging og kompetanseheving både på gruppe -og enkeltindividnivå.

## 3. Laget rundt eleven må vere fulltalig

Alle barn og unge må vere trygge på at dei blir sett og får hjelp når dei treng den. Meld. St.6 (2019-20) løftar fram tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO, og viktigheita av eit kompetent og tverrfagleg lag rundt eleven.

Skule- og barnehageeigar har ansvar for at det finst eit slik lag, beståande av spesialpedagogiske ressursar, PP-teneste, skulehelseteneste etc. i alle kommunar, og at dei har kompetansen og kapasiteten som trengs til å hjelpe elevar når dei har behov for det.

Også dei tilsette må ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg når dei har behov for hjelp og rettleiing.

## 4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på agendaen

Mobbeombodet erfarer at det er eit strekk i laget mellom kommunar, skular og mellom tilsette i same barnehage/skule når det kjem til kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og utrygge leike og læringsmiljø.

Kompetanse om mobbing handlar om å ha ei heilskapleg tilnærming til arbeidet på alle nivå. Det inneber også å endre fokus frå individperspektiv til systemperspektiv, og vil seie at dei tilsette må ha fokus på konteksten rundt barnet/eleven og faktorar dei kan gjere noko med. Å årsaksforklare mobbing og utryggheit ut frå eigenskapar hjå barnet vil ikkje bidra til å få slutt på mobbing eller til å skape trygge miljø.

Skule- og barnehageeigar må i endå større grad sikre at alle tilsette har kapasitet (kompetanse, økonomi, haldningar, rammer) til å sørge for at barn og unge får oppfylt rettane sine og har det trygt og godt i skule og barnehage.

Mobbeombodet tilrår at det blir oppretta ei kompetanse/ressursgruppe på kvar skule/barnehage som har oppdatert kunnskap om førebygging og handtering av mobbing. Gruppa må vere forankra i leiinga, og ta ansvar for at alt frå undersøkingar, utarbeiding av aktivitetsplanar til rehabilitering av klassemiljø/barnemiljø etter avslutta mobbesak. Arbeidet kan delegerast til andre, men nokon i gruppa må kvalitetssikre arbeidet.

Leiing i skule -og barnehage må lage felles rutinar og standardar for arbeidet som skal gjerast, frå det som skjer i klasserommet/avdelinga til uteområde og garderobar. Leiinga har også ansvar for å sørgje for at rutinane blir følgt opp i praksis av dei vaksne.

## Type I og type II skular- kva kjenneteiknar skular som lukkast?

I den siste tilrådinga vår skriv vi om «strekket i laget» som mobbeombodet opplever finst både mellom skular og i skular i fylket. Dersom alle elevar i Vestland skal få ivaretatt retten sin til trygge og gode leike -og læringsmiljø, kan det ikkje vere avhengig av kommune, skule eller person korleis du blir møtt og følgt opp når du ikkje har det bra på skule eller i barnehage.

I dei krevjande sakene vi møter som mobbeombod ser vi at det ofte kan gå gale allereie i starten av ei mobbesak når foreldre eller elev melder frå, og at det gjerne held fram med å gå gale, eller at ein går «i ring» med arbeidet utan å ha ein plan for kva ein skal gjere. Støen, Fandrem og Roland (2018) viser gjennom typografi kjenneteikn på skular som klarer å løyse mobbesaker og dei som ikkje lukkast med det. I tabellen under er type I- skulane i siste kategori og type II- skular illustrerer skular som lukkast. Vi

meiner at tabellen illustrerer på ein god måte kva som bør vere målet og framgangsmåten til alle skulane i Vestland, heilt frå den første meldinga om mobbing og utrygt miljø kjem til etterspel og rehabilitering.

Tabellen viser også kor uheldig det er når definisjonen og forståinga av kva mobbing er og korleis det kan sjå ut varierer både mellom ulike skular og innanfor same skule. Innhaldet i tabellen kan også i stor grad overførast til barnehage.

| | Type I-skular | Type II-skular |
|---|---|---|
| **Fase 1 Indikasjonsfasen** | | |
| **Varslarar** | fornærma (elev/foreldre) | variert gruppe (skulen kan også vere den som oppdagar mobbing/utrygge miljø og er ikkje alltid avhengig av at elev/foreldre melder frå) |
| **Skulen sin respons** | unnvikande | ivaretakande |
| **Fase 2 Dokumentasjon** | | |
| **Undersøking** | ad hoc | systematisk |
| **Intervensjonsgrunnlag** | tilståing | dokumentasjon |
| **Fase 3 Intervensjon** | | |
| **Pådrivarar mobbing** | forhandling og mekling | krav |
| **Mobbeutsette** | forhandling og mekling | støtte |
| **Foreldre/føresette** | forhandling og mekling | samarbeid |
| **Fase 4 Etterspel** | | |
| | konfliktar | samarbeid |
| | stigmatisering | rehabilitering |
| **Generelle trekk** | | |
| **Mobbedefinisjon** | lokal | etablert |
| **Prosess** | sirkulær | lineær |

Tabell: Fritt etter *Stemmer i mobbesaker*, 2018

# Vegen vidare

Mobbeombodet vil også i det komande året arbeide for at barn og elevar skal få oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Vi skal vere eit lågterskeltilbod for barnehageborn, grunnskuleelevar og foreldra deira. Vi vil halde fram med å prioritere førespurnader som gjeld utrygge barnehage- og skulemiljø, og tilby fagleg, emosjonell og sosial støtte til dei som kontaktar oss.

Vi vil fortsetje arbeidet med å gjere ombodstenesta kjend i Vestland. Det gjer vi både gjennom ulike oppdrag for foreldre og tilsette i barnehage og skule, og gjennom digitale treffpunkt som informasjon på nett, aktuelle innlegg i sosiale medium og webinar. Mobbeombodet skal vere ein tydeleg aktør, med eit godt forankra barnesyn i både formidling, rettleiing og gjennom uttale i media.

I Vestland fylkeskommune sin langsiktige mål- og strategiplan har vi sett oss mål om å vere *pådrivar for å utvikle godt foreldresamarbeid i skule- og barnehage, for at barn sine rettar vert gjort kjende for både dei sjølve og for tilsette, og for at tilsette rundt barn har kompetanse om trygt skule- og barnehagemiljø*. Dette gjer vi kontinuerleg, men har som mål å systematisere arbeidet vårt slik at vi er i kontakt med alle kommunar kvart år.



Foto: Vestland fylkeskommune: Fjellsti

Komande år vil vi ha spesielt fokus på:

**Å komme i kontakt med og bli kjende med kommunar** vi ikkje har hatt kontakt med tidlegare/føregåande år. I samband med utsending av årsmeldinga, vil vi informere om ombodsordninga, og kva ombodet kan bidra med opp mot elevar, foreldregrupper og tilsette i skule og barnehage. Vi vil også ta initiativ til å delta på aktuelle politiske og administrative møte i kommunane.

**Prioritere å opprette kontakt og samarbeid med barnehagane i Vestland**. Her viser vi til avsnittet «Kva med barnehage?» på side 17.

**Å samle ressursteam i fylket**, leggje til rette for deling av kunnskap og erfaring, og vere pådrivar for at alle kommunar byggjer seg og brukar slik kompetanse til beste for barn i barnehage og grunnskule.

**Samarbeide med skuleeigar og skular ved implementering av ny opplæringslov**. Vere medverkar og pådrivarar for implementering av lovverket og god praksis.

**Saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø!**



Foto: Pixabay.com: Hender som rører kvarandre

# Kjeldeliste

Barneombudet (2021), «Ungdom om medvirkning og barnerettighetsvurderinger», https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrapporter/Barnerettighetsvurderinger-og-medvirkning.pdf

Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Henta 01.12.2020 frå https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/a-bli-utsatt-for-mobbing--en-kunnskapsoppsummering-om-konsekvenser-og-tiltak/

*Drugli, Flygare og Nordahl ( 2016), Relasjoner mellom elever,* https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/sosial-laring-gjennom-arbeid-med-fag/relasjoner-mellom-elever/larerelev-relasjonen-og-elevelev-relasjoner/

Drugli, M.B. & Onsøien, R. (2010) *Vanskelige foreldresamtaler – gode dialoger.* Cappelen Akademisk Forlag.

Drugli, M.B. & Nordahl, T. (2016). *Samarbeidet mellom skole og hjem*, Utdanningsdirektoratet. Henta 01.12.20 frå: https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/samarbeid-mellom-hjem-og-skole/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/

Idsøe, E.C & Roland, P. (2017). *Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse- forebygging-tiltak*

Lund, G. E. (2020). Responsivt forældresamarbejde i skolen. *Tema: Forældresamarbejde – en udfordring for læreruddannelsen og et vilkår for skolen. Studier i Læreruddannelse og Profession*. 5(1) (s. 52-72). Henta 01.12.2020, frå https://tidsskrift.dk/SLP/issue/view/8790/1160?fbclid=IwAR0X-VZabvXReLGLC0Bu4oMpH7qUSSowZ3Fzq9513Dlg0MppEsFwctwYxtc

Seland et al (2020), *Evaluering av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole*, NOVA-rapport, https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-_mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf

Støen, J, Fandrem, H & Roland, E (2018). *Stemmer i mobbesaker- Resultater og erfaringer fra Stigma-prosjektet*

Udir.no (2024) *Barnehagesektorens forståelse, implementering og etterlevelse av barnehageloven kapittel VII Psykososialt barnehagemiljø:* Rapport evaluering av barnehageloven kapittel VIII (udir.no)

vestlandfylke.no

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/450-32
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| **Eidfjord kommune, Kontrollutvalet** | **39/24** | **05.12.2024** |

# Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

### Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
*«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

### Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte

### Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektør eller andre i eit seinare møte.